

Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 0 7

ag Onsdag torsdag Fredag Laurdag

7	1	2	3	4	5
14	8	9	10	11	12
21	15	16	17	18	19
28	22	23	24	25	26
	29	30	31		

Sykkylven Sogenemnd

Mai

4	5	6	1	2	3
11	12	13	8	9	10
18	19	20	15	16	17
25	26	27	22	23	24
		28	29	30	31

Innhald

	Forord	side 3
Petra Lyngstad:	Min barndoms Søvikdal	side 4
Liv Randi Bjørlykke:	Ta ikkje mobilen vår	side 6
Eldar Høidal:	Diktarbesøk på Drotninghaug	side 7
Heidi Løseth:	Blåklukka H4	side 11
Thor Willy Strømme:	Vinjobuda 95 år. Elias Vinje 80 år	side 12
	Nye sykkyllingar	side 18
Skjold Lyshol:	Fotopar: Aurekaia	side 22
Kjell Jarle Gjerde:	Møbelpioner og Drivaduppens far	side 24
Rolf Sagen:	Smed-Olav	side 27
Torkjell Søvik:	Søvikdal kai	side 30
Erling Eliassen:	Ved joletid	side 32
Liv Randi Bjørlykke:	Ein finsk ålesundar i Sykkylven	side 33
Liv Randi Bjørlykke:	Siste året 'anj tønnja	side 37
	Er vêret verre no?	side 39
Roald Solheim:	130 år med fastskule	side 41
Kjetil Tandstad:	Skipbrotet på Varfluda	side 47
Ole Jostein Fet:	Biletkavalkade 2007	side 50
Kai Løseth:	Hilmar frå Heimre Hjelle	side 52
Florence Kimanzi Tandstad:	Å bli innvandrer	side 54
Jostein Drabløs:	Om Gamle-Lars Peter	side 56
Thor Willy Strømme:	Årbok for Sykkylven 1992 - 2006	side 61
Thor Willy Strømme:	Eit fotografiapparat si historie	side 66
	Sponsorane til Årboka 2006	side 68

Sogenemnda 2007

Medlemmer: Stein Arne Fauske, leiar, Thor Willy Strømme, Betsy Andreassen, Monica Søvik Hjelmevoll og Ove Ramstad.

Årbokredaksjonen 2007

Medlemmer: Kjetil Tandstad (redaktør, telefon 70 26 03 54/70 25 29 29, kjetil.tandstad@smp.no), Eldar Høidal, Eldrid Suorza, Thor Willy Strømme, Monica Søvik Hjelmevoll og Liv Randi Bjørlykke.

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Skrift på tekst er Arial Narrow 12 pt. Titlar er sette med Arial Narrow 26 pt.

Utforming/Produksjon: EldArt Grafisk Design. Prent: Nordberg Trykk As

ISBN 978-82-92269-10-7

Forsidebilete Måleri av Jonas Peson, portrett av Norunn Aure.

Forord

Så er vi her igjen med 15. årgangen av Årbok for Sykkylven.

Denne omfangsrike bunken av årbøker, med lokalhistorie, samtidshistorie og lokal skrivekunst har etter kvart blitt så omfattende at vi i denne utgåva tek med ei innhaldsliste for alt stoffet som har stått på prent i årboka i desse 15 åra.

Elles følgjer årboka sin vanlege mal. I år kan vi by på ein god porsjon nytt historisk stoff. Jostein Drabløs fører vidare sin serie med portrett av eldre sykkylvingar slik folk som hugsar dei har fortalt om dei i lyd-bandintervju. Vi har med eit utdrag av Rolf Sagens dokumentarroman som kom ut i haust og hentar si handling frå Sykkylven på sekstitalet. Finskålesundaren Jonas Peson, som hadde sommarhytta si i Sykkylven og som måla ei rekkje motiv frå bygdene her, er årets kunstnarportrett. Vi fortel også historia om lyrikaren Astrid Hjærtenes Andersen som sat i Velledalen og skreiv det kjende diktet "Hester i

regn". Liv Randi Bjørlykke summerer opp det fuktige året som gjekk i kåseriform.

Redaksjonen er som vanleg svært interessert i å få kontakt med fleire folk med skrivekløe. Vi minner om at det ikkje berre er det som ligg ein generasjon eller to bak i tida som er lokalhistorie og vi tek gjerne imot artiklar som hentar stoffet sitt frå seksti-, sytti-, åtti- og nittiåra og.

Sidan siste årbok har to markante kulturarbeidarar gått bort. Dei etterlet seg eit stort sagn i det lokalhistoriske miljøet. Malvin Misje var medlem av årbokredaksjonen frå 2004 til han døydde og leverte ei rekkje artiklar til årboka. Ola Longva, som også gjekk bort i år, la ned ein stor innsats for å få synleggjort dei arkeologiske funna på Auremarka. Dette arbeidet er eit godt grunnlag å byggje på når planar og tankar skal realiserast.

For Årbok for Sykkylven
Redaktør Kjetil Tandstad



Første snøen har lagt seg i fjella med Råna i kvit siluett. Foto Eldar Tandstad.



Petra Lyngstad, voks opp i Søvikdalen, men flytta tidleg ut og bur no på Borgen i Asker.

Min barndoms Søvikdal

Av Petra Lyngstad

Eg vart fødd på Løset i Søvikdalen i 1928. Det var ei heilt anna tid. Eg ser tilbake på barndommen som trygg og god. Folk hadde ikkje så mykje pengar. Men vi levde godt med begge foreldra heime.

Besteforeldra våre budde også på garden så lenge dei levde. Eg hugsar då alderstrygda kom ville ikkje bestemor mi ta imot henne. Det var ei skam, meinte ho, og samanlikna det med fattigkassa. Men etter ei stund tok ho imot likevel.

Våren var ei travel tid. Vi dreiv slåttan både på garden, på ein liten plass vi eigde, oppe i marka der det voks litt gras og på stølen. Det var derfor mykje å "ry", som vi kalla det. Då utearbeidet var unnagjort, sette vi i gang med husvask. Det innebar at alt frå kjellar til loft skulle vere reint til slåttan. Då dyra blei sleppte ut om våren og sommarfjosen vart teken i bruk, stod kufjosen klar for vask. Der var det mange lopper, slik at dei som vaska fjosen måtte sitje ute og ete. Vi ville ikkje risikere å få lopper i huset.

Då våronna var over, alle hus vaska og bjørka stod der i sitt finaste skrud, tykte eg at alt var så fint. Eg stod ofte ute på trappa og hørde på fuglesongen frå skogen. For ei frydefull tid!

Sommaren var også ei travel tid. Far stod tidleg opp om morgonen for å slå medan det var dogg i graset. Vi hadde ikkje traktor, så det var hesten som drog slåmaskinen. Vi var mange born, og alle måtte ut og hjelpe til. Vi brædde, snudde og sætte høyet. Det var mykje varmt vêr om sommaren og vi vart tørste. Til tørstedrikk blanda vi surmjølk og vatn.

Å flytte på setra var noko vi gledde oss til. Vegen dit var ei steinete og smal rås. Vi gjekk opp om ettermiddagen og ned att neste morgon. Mjølka bar vi i to spann på bringetre. Ofte var eg skjelven i knea når eg var komen til gards om morgonen.

Hausten var på ein måte ei roleg tid. Vi hadde mykje hagebær som skulle plukkast. Mor reiste nokre gonger til torget i byen for å selje bær. Dei fine byfruene pruta og bestemte kor stor topp det skulle vere på litermåla. Eg var med mor ein gong og hadde ein fin kjole som ei av dei eldre søstrene mine hadde sydd. Ei av dei fire byfruene sa overraska til mor: Er hun din datter? Den gongen var det stor forskjell mellom by og land.

Det var mykje snø om vinteren. Vegane var ikkje brøytt, så vi vassa i snø til skulen. Plutseleg skjedde det store ting. Han Pihl-Andreas kom og brøytt vegane. Det var nesten for godt til å vere sant.

Skulen var todelt. Storskule og småskule. Oppvarming av skulen gjekk på omgang med ein av foreldra. Vi hadde ein lærar, frøken Brandal. Når ho skulle til lege, tannlege eller var sjuk, fekk borna fri. Det var ikkje noko som heitte vikar den gongen.

Mjølka vart køyrt til sjøen der han "Egil inn med sjønå" frakta ho til meieriet på Stranda. Han hadde motorbåt. Den same båten vart brukt når vi skulle gå for presten på Ørskog, til bryllaup, barnedåp eller gravferd. Han Egil hadde nok å gjere.

Slik var i korte trekk livet i gamle dagar i Søvikdalen. No er snart alle gardar nedlagde. Det er trist å tenkje på, men dei gode minna lever vidare.



Ein solskinsdag i slåtten. Vi var sjeldan så godt hjelpa. Her er mange feriegjester.



Iverine Løseth var mor mi. Ho var eit arbeidsjarn som arbeidde ute heile dagen og hadde fått åtte born. Her er ho fotografert i 1964.



Slåtteminne frå Søvikdalen. Biletet er teke i 1964.



Ta ikkje mobilen vår

Av Liv Randi Bjørlykke

Mobilen vår

Vi kan ikkje leve utan mobilen! Misser vi den, då er vi handikappa! Påstanden kjem frå to representantar for sykkylls ungdommen anno 2007, Maria Kaldhussæter og Hannah Søvik Velle.

Vi ser ikkje mykje på TV. No har småsyskena våre teke over. Vi sit heller på data og spelar Sims 2. Det er eit dataspel der spelaren lagar ein familie og styrer liva deira frå fødsel til død. Ein kan bestemme alt som skal skje.

Ein kan la dei drukne i symjebassenget eller la dei svelte i hel. Spelet kan vare over fleire dagar, og det er gøy! Til slutt kjem mannen med låen og hentar dei gamle som døyr. Det er eit «evighetsspel» lissom, seier Maria.

Dei to jentene har mange interesser, mange fleire enn mobil og data. Dette intervjuet skulle vise at tidene har forandra seg.

Pappa fyller visakortet

Ei vanleg veke for Hannah og Maria er slik: Måndagane øver dei med Ten Sing. Onsdag øver teatergruppa. Torsdag er det leksehjelp, fredag er det Open storhall for begge, samt at Hannah leier barneketret Kor Kjekt. Laurdagane heng dei med vennane sine på Aure.

Av og til tek dei bussen til Moa. Då er dei å finne på butikken Glitter, Bik Bok eller på McDonald's. Begge har visakort og får påfyll av mamma og pappa. (Dei må jobbe for det). Det kan godt gå 50 - 500 kroner på ei helg. Når det nærmar seg juleballet, ser dei på kjolar.

Konfirmasjon og grafitti

Ein weekend i månaden stiller dei i kyrkja på konfirmasjonsførebuing. Begge har meldt seg på ei



Hannah Søvik Velle og Maria Kaldhussæter.

kunstgruppe som driv med grafitti. Alle i klassa vår skal konfirmerast i kyrkja.

Eg vil vere konfirmant fordi det er vanleg, og fordi eg vil fortsette å vere kristen. Er du kristen, så er du kristen lissom, seier Hannah, som fortel at det ho ynskjer seg mest i gåve er ein scooter. Eg vil ikkje sitje på ein gong, ertar Maria. Ho drøymmer om ei ny berbar data-maskin, for det treng ho.

Sport og friluftsliv står ikkje høgast på lista for dei to jentene. Hannah likar skidagar, men Maria forsikrar at ho ikkje kan fordra skidagar på skulen.

Dessutan hatar ho mygg. Familien tvingar henne av og til på fisketur til Lisjevatnet. Du kan tru det er deilig når han pappa sløyer fisken! sukker ho. Men ho kan godt tenkje seg å sykle til Ikornnes og bade i bassenget med vennane sine. Og begge jentene forsikrar at dei godt kan vere barnslege når vinteren kjem, for då lagar dei snøhole og snøbyar ute.

U(ng)Topia

Noko anna som er kjekt, er å spele teater. Dei øver kvar veke i U(ng)Topia. Denne hausten spelar ungdommane i eit stykke der dei er gifte med kvarandre. Det er mange som er med i dette miljøet. Ein vert meir sjølvsikker av å tørre å dumme seg ut, meiner Hannah, som trur ho er meir sosial enn Maria.

Eg trivst godt når eg kan sitje heime og chatte på dataen, seier Maria. Eg likar å lage mat og kosar meg heime. Nei, det er betre å gå ut og finne på noko saman med andre, meiner Hannah, som også likar å lage mat, men gjerne vil ha folk rundt seg. Det er kjekt å synge karaoke. Det er det mange som gjer. Og det er kjekt å lage film, og det er kjekt å passe ungar, ramsar ho opp.

- Har de tid til lekser?

- Lekser gjer vi heile tida, smiler dei to jentene og verkar fornøgd med livet.



Eldar Høidal, fødd 1956, er møbelhistorikar. Han har for tida permisjon frå Norsk Møbelfagleg Senter for å skrive historiene til møbelfabrikkane Stokke og Ekornes.

Diktarbesøk på Drotninghaug

Av Eldar Høidal

Sykkylvsnaturen har opp gjennom åra vore ei inspirasjonskjelde for diktarar. I denne artikkelen skal det handle om ein kvinneleg forfattar som ein sommar like etter krigen budde på Drotninghaug i Velledalen. Her vart ho inspirert til å skrive eit par av dikta i samlinga "De unge søylene" som vart gjeven ut i 1948. Forfattaren heiter Astrid Hjertenæs Andersen.

Astrid Hjertenæs Andersen (1915 – 85) er sett på som ein av våre mest sentrale etterkrigslyrikarar, på line med diktarar som Hans Børli og Paal Brekke. Alle desse tre debuterte som forfattarar i 1945. Astrid Hjertenæs Andersen var ei ung kvinne på 31 år og heilt i starten av forfattarskapen då ho var i Sykkylven sommaren 1946.

Solefall i Velledalen

Ho budde i Lars-garden på Drotninghaug saman med mannen sin, kunstmåleren Snorre Andersen. Det var heilt vanleg at gardbrukarar og andre huseigarar leigde ut ledige rom til tilreisande nokre veker om sommaren. På denne måten fekk dei sjølv kjærkomne inntekter, og gjestene etterlengta avveksling i kvardagen.

Målfrid Drotninghaug var nygift garda-kone i Lars-garden i 1946. Ho kom til Drotninghaug året før. Ho hugsar godt kunstnarparet frå Oslo. Dei budde i eit rom i eine enden av huset. Stovehuset var bygd for to familiar, så dei disponerte sitt eige kjøkken og styrte seg med maten sjølve. Dei budde på Drotninghaug frå tidleg på sommaren til utpå hausten. Målfrid syntest at dei vart så lenge at ho byrja å lure på om dei ville vere vinteren over. Men slik vart det ikkje. Dei såg ofte Snorre Andersen stå i vegen utanfor huset morgonane med skisseblokka si. Han vende blikket mot breane og fjella rett i mot. Kona hans var gjerne med når han gjekk rundt for å fange inn motiv.

Om kveldane sat ho helst inne. Ho sat sikkert og arbeidde med dikta sine, trur Målfrid.

Det budde eit medlem av Jehovahs vitne i gamlehuset på Bøda-garden på Drotninghaug nokre år før krigen. Han heitte Helmer Haugland. Han reiste rundt og selde mellom anna religiøse skrifter. Han heldt ved like kontakta med folket fremst i Velledalen og var på vitjing også sommaren 1946. Målfrid fortel at Snorre Andersen hadde samtalar med Haugland om religiøse emne. Ein gong kom Andersen inn til Målfrid for å få låne Bibelen hennar. Han ville undersøke om det kunne vere hald i ein påstand som stod på trykk i eitt av skriftene til Haugland.

Kunstnarparet gav inntrykk av å trivast i Velledalen. Før dei reiste, snakka dei om at dei kunne tenkje seg å kome attende. Målfrid hørde ikkje noko meir frå dei. I ettertid tregar ho litt på at ho ikkje kjøpte eit av måleria som Snorre Andersen måla då han og kona leigde husvære på Drotninghaug. Han var inne og baud fram nokre bilete.

Diktarbesøket vart omtala i Sykkylvsbladet i mai 1962. Like før var Hjertenæs Andersen med i eit fjernsynsprogram. I programmet kom det fram at eit par av dei mest kjende dikta hennar var skrivne i Sykkylven. Lektor Martin Gjævenes såg programmet, og han sende eit brev til forfattaren der han spurde etter fleire opplysningar om opphaldet i bygda. Av svaret han fekk gjekk det fram at det var dei to dikta "Rødt landskap" og "Hestene står i regnet" som vart resultatet av sommaren i Velledalen.

Diktet "Rødt landskap" var inspirert av solnedgangen over fjellandskapet i Velledalen sett frå ei høgdedrotninghaug:



Kunstnarparet Snorre og Astrid Hjertenæs Andersen budde i Velledalen heile sommaren 1946. Vítjinga sette varige merke etter seg i norsk kulturhistorie. Her er dei to ved eit seinare høve, i 1966. (Illustrasjon frå Norges litteraturhistorie, bd. 6. 1975.)

Rødt landskap

Rødt er fjell-landet
badet i
snøbrevåt og brennende het
solfallsgråt.

Purpurskimrende flyter
floden av jettetårer
og bryter
inn over landet
med gullkantflimrende
kjempebårer.

Rødt er fjell-landet,
båret av
solldrød og dryppende, het
purpursjø.

Mange er vitnemåla om at sykkylvslandskapet er på sitt mest storfelte i utsynet ein får frå Drotninghaug. Men sjeldan har vel ein solnedgang i fremste Velle-

dalen vore skildra med større innleving og fargeprakt enn dette.



"...på en bred og saftig slette." Biletet som Margot Benterud måla frå Bruabakkane nedover Vallabøane der hestane som Hjertenæs Andersen let seg inspirere av stod. Utlånt av Gunnar Velle.

Regnvåte hestar

Til Gjøvenes fortalde Astrid Hjertenæs Andersen at det var ei venninne av henne og mannen som hadde fått dei til å ta turen til Sykkylven. Venninna var kunstmålaren Margot Benterud. Ho budde i Knut-garden på Velle, hos gardbrukaren Sigvart Velle. Sonen til Sigvart Velle, Gunnar Velle, har høyrte fortalt om denne sommargjesten. Dei har enno eit minne om kunstmålaren i heimen på Velle, eit bilete ho måla frå Bruabakkane ved Storebrua nedover Vallabøane, og med Fet-vatnet i bakgrunnen. Årstalet 1946 er skrive inn saman med kunstnarsignaturen.

Brøren hans, Reidar, minnest att Astrid og Snorre Andersen med visse mellomrom kom syklande til Velle for å vitje venninna si. Snorre Andersen, som hadde skulderlangt hår, brukte då alltid å plystre songen "Calling all the workers" for å varsle at dei kom.

Det var her på Velle at diktaren fekk inspirasjonen til det kanskje mest folkekjære og kjende diktet ho har etterlate seg; "Hestene står i regnet". Ho stod og såg på hestane til Sigvart Velle. I følgje Gunnar Velle kan det ikkje ha vore meir enn to hestar: fjordingsmerra Flora og hingsten Velleblakken. Flora var mor til Velleblakken. Merra var frå Opsvika på Stranda og var 15 år sommaren 1946. Sigvart Velle åtte den fire år gamle hingsten saman med Peter A.Aure (Pihl-Petter) som hadde eit plassebruk i Ullavika.

Denne regntunge dagen stod hestane tjora borte i Sandane mot Storelva, mintest Sigvart Velle seinare. Astrid Hjertenæs Andersen fortel slik om det ho såg: "De stod ute på en slette i nærheten av en skogkant i regnværet, bakenfor gården til Velle."

Slik vart syn og sinnsstemning formidla i diktet:

Hestene står i regnet

Når mitt sinn er fylt av drømmer,
mere dunkle, mere fjerne
enn min tanke kan forklare,
mere ville, mere hete
enn mitt hjerte kan forstå,
vil jeg bare stå i regnet
slik som hester står i regnet
på en bred og saftig slette
mellom tunge fjell, som her.

Stå og kjenne kroppen suge
dette svale, sterke, våte,
som i strie strømmer siler
over ansikt, hår og hender.
Likne skogen der den suger,
som et barn, av himlens bryster.
Likne sletten, full av sødme,
sitrende av fromt begjær.

Slik som hester står i regnet,
lutende, med våte flanker,
og lar duft av muld og væte
drive sterkt og søtt i sinnet,
vil jeg stå og bare være
og la himmel-yret falle,
inntil tanken fri for feber
følger drømmene til klarhet
i en steil og stille ro.

Naturleg balanse

Litteraturvitaren Ivar Havnevik ser på diktet som ein naturkontemplasjon, altså ein stille refleksjon omkring naturlivet. Etterkrigslyrikarar som Astrid Hjertenæs Andersen hadde eit noko splitta livssyn. Dei var på ei side desillusjonerte på grunn av krigsopplevingane, men samstundes hadde dei tillit til at det var ein balanse og ein heilskap i tilværet. Denne tilliten vart for dei stadfesta av naturen – av vekstlivet, vêret, jorda og altså av hestane på Velle, som i dette diktet vert symbolet på det stabile og ekte, det ein kan lite på. "Hjertenæs Andersens diktjeg begynner [...] med å være mistilpasset i sivilisasjonen, men når hun åpner hudens sanser for regnværet, er hun ikke lenger noen fremmed i

tilværelsen. Romantikkens enhet mellom menneske og natur er bekreftet," seier Havnevik om undertonen i diktet.

Diktet lever

Gunnar Velle fortel at "Hestene står i regnet" ofte vart lese opp i radioprogrammet Ønskediktet som Hartvig Kiran hadde i ei årrekkje i NRK radio. Mor til Gunnar, Emma, var ikkje så glad for å høyre det på radioen. Ho lika ikkje at det kom fram at hestane deira stod ute i regnet og vart våte. Trøysta fekk vere at det ikkje var så mange av lesarane og lyttarane som visste at det var dei to hestane i Knutgarden på Velle i Sykkylven, Flora og Velleblakken, som vart skildra på denne måten.

Ønskediktet har gått over i historia, men dikta til Astrid Hjertenæs Andersen er ikkje gløymde. Fleire av dikta hennar, særleg "Hestene står i regnet", er faste innslag i norske diktantologiar. No skal diktet også med i eit planlagt bokverk om Elling-garden på Dravlaus. Nils Sigurd Drabløs, som driv økologisk gardsbruk med vestlandsk fjordfe, arbeider saman med to svenske fotografar med ei biletbok der livet på garden skal dokumenterast frå månad til månad. For kvar månad skal det vere med eit dikt av ein norsk lyrikar. Juni-diktet vert "Hestene står i regnet." Denne boka kjem etter planen ut hausten 2008.

Slik ser vi at ei sommarvitjing i Sykkylven i 1946 fekk langvarige verknader.



Parti frå Drotninghaug. Foto Kjetil Tandstad.

Kjelder: Sykkylvsbladet 30.5.1962

Ivar Havnevik: Dikt i Norge. Lyrikkhistorie 200 – 2000

Nils Sigurd Drabløs, Målfrid Drotninghaug, Olav H. Hole og Gunnar Velle.



Blåklokka H4

Av Heidi Løseth

Vi lovar å arbeide mot det mål å bli ein ungdom med klart Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse. Denne lovnaden er gitt i Ramstaddal sidan 1974.

Blåklokka 4H vart starta opp i januar 1974 etter at May Britt Skjortnes (Johnsen), Vidar Løseth, Ola Arne Ramstad, Kari Lise Klock (Wiik), m.fl. skreiv eit brev til Møre og Romsdal 4H om ikkje dei kunne kome og hjelpe til med å starte opp ein klubb i Ramstaddal. Ståle Skårn var sikkert til god hjelp. Han var lærar ved Ramstaddal skule og vart rådgjevar for klubben fram til hausten.

Då flytta Ståle Skårn frå Ramstaddal og det vart Jarle Melseth som tok over. Han var rådgjevar fram til 1985 - 86. I løpet av denne tida var det ca. 6 stk. som fekk 4H-statuetten.

Frå 1986 – 1994 var der fleire som bytta på å vere rådgjevarar: Jostein Klock, Margareth Klock, Anita Søvik og Sonja S. Aure. I løpet av 1994 – 95 skulle dei lage til eit arrangement, leir til 20-års jubileum, men på grunn av dårleg oppslutnad frå foreldre vart heile klubben nedlagt.

May Britt Johnsen, som var med å starte opp klubben, er no 4H-instruktør i Møre og Romsdal. Ho var ein sterk pådrivar til at klubben vart starta opp att i 2002. Vi har vore oppe i 25 medlemar no, og det har vore fleire rådgjevarar i denne perioden, ein som A-rådgjevar og dei andre som B, m. a. Anita Søvik, Siv Riksheim, Ronny Olsen, Ådne Brunstad, Merethe Arntsen Melseth og Heidi Løseth.

Per i dag, 2007, har vi 18 medlemar som skal stille ut på 4H-Haustfesten om det dei har gjort i løpet av året. I 4H har dei vore med på mange møte, fjellturar, fisketurar, temakvelder, grilling, overnattingar, ski- og akekonkurransar, natursti, kurs, leirar og mykje anna.



Her er tre friske karer som er på sjøbrukskurs. Frå venstre Jonas Melseth, Ørjan Løseth Skaar og Lars-Ole Ramstad

4H Norge er ein landsomfattande, sjølvstendig, demokratisk og medlemsstyrt organisasjon for ungdom i alderen 10 – 25 år, og har inga partipolitisk eller religiøs tilknytning. Den driv opplæring innan naturbruk, hus og heim, samfunn og kultur.

Formålet til organisasjonen er å utvikle arbeidsglad og samfunnsengasjert ungdom med ansvars-kjensle og respekt for alle menneske, naturressursar og livsvilkår.

Som 4H-medlem vel du eit praktisk 4H-prosjekt som du arbeider med gjennom heile året. Prosjektet inneheld ein skrivedel og ein gjeredel, som du stiller ut på Haustfesten, og du viser kva du har gjort og lært.

Styret i klubben består av 4H-medlemene sjølve, og 4H-arane lagar sjølve ein årsplan for klubben sin og bestemmer kva aktivitetar dei skal drive med. Medlemene vel også ein eller fleire klubb-rådgjevarar som gir råd og hjelp til styret og dei andre i klubben. Styret blir sendt på kurs i leiar-opplæring og organisasjonsarbeid, der dei blant anna får lære seg å leie møter, skrive referat og føre rekneskap.



Thor Willy Strømme er fabrikkarbeidar og har i mange år vore interessert i lokalhistorie. Han er medlem av Sykkylven Sogenemnd og redaksjonen for Årbok for Sykkylven.

Vinjobuda 95 år. Elias Vinje 80 år

Av Thor Willy Strømme

Vinjobuda

Eit velkjent handelshus og ein respektert kjøpmann fyller år. I Vinjobuda er det historie i veggane.

Elias Jonsen Vinje fødd 1883, død 1949, kom frå Stordal, gift 1918 med Laura Thomasdr. Strømme frå Grebstad, fødd 1896, død 1963. Dei fekk seks born; Kari fødd 1919, Bjørg fødd 1920, død 2005, Jorunn fødd 1922, Thomas fødd 1924, død 2004, Edny fødd 1926 og Elias fødd 1927.

Elias Jonsen Vinje leigde først lokale i huset til Søkvelven hotell som sto der Jernia har butikk i dag. Frå 1912 og fram til 1920 dreiv Elias assortert landhandel og bakeri i desse lokala. Borna måtte tidleg ta del i arbeidet på butikken og Kari byrja å vaske i butikken i tiårsalderen.

Alle søskena til Elias senior hadde vore til Amerika og Elias hadde ein bror som heitte Lars Vinje som dreiv bakeri i Stordal. Elias har nok fått med seg nokre gode råd og vink frå han som han brukte i si bakeriverksemd i Sykkylven.

Nokre av dei første medarbeidarane Vinje hadde var Johanne Grebstad Dalseth og Marie Overå. I denne perioden arbeidde der også ein som heitte Langlo som kom frå Stranda. Elias senior kjøpte tomte der Vinjehuset står i dag i 1915, og på den tida stod der eit ishús som Lyshol-karane brukte. I 1920 flytta huslyden inn i nytt forretningsbygg og butikken har hatt ymse utvidingar opp gjennom tidene.

Den første tida hang alle varene opp under taket og alt kom i store sekkar og måtte vegast opp. Dei selde steintøy, sko, metervare og strikkesgarn, for å nemne noko av det allsidige vareutvalet. Varene kom med fjordabåten som kom inn fjorden på tysdagane og gjekk ut til Ålesund igjen på sundagane. Dei fekk også varer med mjølkebåten

"Rovdehorn" som gjekk frå Ålesund kvar dag. På si reise på Sykkylvsfjorden hadde han stoppestad i Tusvik, Aure, Straumgjerde og Erstad. Deretter måtte dei frakte varene på ei vogn opp til huset og bere dei tunge sekkane inn i kjellaren der dei hadde lageret sitt. Sekkane var som oftast 50 kg, men det hende også dei kunne vere 100 kg. Seinare blei varene meir og meir levert med rutebussen frå Ålesund. Bergenslasten kom sjøvegen.

Julaftan var butikken lenge open. Borna sprang ute i gangen og såg på alle hestane ute i gata med hestevogner og dombjøller medan dei venta tolmødig på at faren skulle bli ferdig med dagens gjeremål i butikken. Klokka hadde gjerne blitt både åtte og ni om kvelden før familien Vinje kunne setje seg ned og feire jul. Til advent pynta alle forretningane i Aure sentrum vindauga med glitter og stas. Etter endt arbeidsdag på laurdag pynta dei opp heile butikken og ved kassa laga dei til ei fin utstilling med frukt og andre godsaker. På søndagskvelden var det berre å plukke det ned igjen slik at butikken var klar til neste opningsdag. Dette skjedde kvar adventshelg og dei dagane butikken var stengt i romjula.

I byrjinga av 1930-åra starta Elias og Laura opp Vinjes gjestgiveri, som vart drive fram til ca 1960. Der budde gjester både om sommaren og vinteren. Det var alltid mykje folk i huset og det resulterte i at Elias Vinje junior fekk lite tid for seg sjølv. På gjestgiveriet budde det ofte agentar som skulle bort til J.E. Ekornes. Då stilte Elias opp og rodde dei over fjorden. På ettermiddagen rodde han tilbake til Ikornnes og henta agentane tilbake til gjestgiveriet. Dette var ein godt betalt jobb, for han fekk heile fem kroner for desse roturane. Det var mange spennande og artige folk som budde på gjestgiveriet. Mellom anna budde banksjefen i Privatbanken, Erling Nyhagen, der. Han åt middag der kvar dag



Vinjehuset i slutten av 1920åra.

men hadde seng borte i bankbygget. Kunstnar Nils Angel Brekke frå Ørsta budde her og. Han hadde mist begge beina sine. Han var treskjarar og smidde sine egne bein. Han hadde då sagt "Eg er den einaste i Noreg som går på mine egne bein". Den natta Aure brann



Bak disken står Elias Vinje, Langlo som var butikkgut frå Stranda, Marie Vinje, seinare gift Overå, Johanne Grebstad, seinare gift Dalseth. Framfor disken står Ole Andreas Larsen Langlo som var gift og budde på Grebstad, Gunder Grebstad og Olina Leivdal. Bilete er utlånt av Elias Vinje

budde Nils Angel Brekke på Vinje`s gjestgiveri. Han sat ute på øyrane og måla brannen.

I påska 1942 budde Jonas Peson i Vinjehuset og han måla då eit takkebrev:

En hilsen og hjertelig takk for påsken 1942

Vi takker Husfruen for disse dager

for alt hun gitt os av mat og drikk

Vi glemmer aldrig, men kun beklager

at Tiden blev som et øieblikk.

Under dette verset har alle personar som budde på Vinjes Gjestgiveri i påska skrive namnetrekket sitt.

Dei hadde to, tre tenestejenter som hjelpte til med drifta av gjestgiveriet. For dette arbeide hadde dei ei løn på ca 19,30 kroner månaden plus gratis kost og losji. Desse tenestejentene budde på eit lite rom heilt oppe på mørkeloftet mot syd. I følgje sjølvmeldinga til Elias Vinje i 1917 hadde han betalt 695 kroner til tre tenestejenter. Andre som har hatt arbeid hjå Vinje var blant anna Jens Bonesmo og Sverre Lyshol. Det budde også ein som heitte Kallemann Lukken, som var frisør på Fønix. Om lag der bedehuset står i dag var der eit bakeri som blei drive av ein som heitte Ånning. Ein dag gjekk ein person frå bygda bort og spurte Ånning om følgjande: " Du Hånning he du ånningkake". Det blei sagt slik sidan han snakka (h)alvemål. Mange av gjestane kom att år etter år.

I 1941 kosta ein frukost kr 1,75, middag kr 2,00, aftens kr 1,75. Eit smørrebrød med kaffi kosta 1 kr, eit glas mjølk kr 0,25, ein kopp kaffi kr 0,35, the kosta kr 0,25. ein pakke med Frisco cigaretter kosta kr 0,83. Det kosta 3 kroner i døgnet å leige eit værelse.

I 1939 var det berre så vidt Vinjehuset vart berga etter at mykje av Aure sentrum brann. Ikkje nok med det, krigen kom til landet eit snautt år seinare. Under Aurebrannen var det Thomas Vinje og Agnes Aure Korsbrekke som ringde med kyrkjeklokkene for å vekke folket. Folk kom til frå fjern og nær og hjelpte til med å tømme husa på Aure for mykje varer og eigendelar. Det galdt også Vinje-huset.



Ei helsing frå Jonas Peson og gjestane ved gjestgiveriet i påska 1942. Foto: Thor Willy Strømme

Haugar med ting stod ute på Auremarkane som Vinje bar inn att neste dag. Det var lite varer i krigs-åra og rasjoneringskort på alt. Det var ei vanskeleg tid for alle.

I 1944 gjekk Elias realskulen på ungdomshuset Vallhall og sidan han budde så nært skulen var det naturleg at han måtte bort og fyre opp i omnen før dei andre elevane og læraren, Gammel-Lars Grebstad, kom. Veden henta dei i Riksheimdalen. Han måtte kappast, kløyvast og løast opp. Under krigen hadde familien Vinje Vigra-gris, nokre høner og kaninar.

Det var ikkje enkelt for ungdommen i den tida å tene seg nokre ekstra kroner, men Elias prøvde på mange måtar. Han gjekk mellom anna telefonbod, noko han fekk 25 øre for å gjere. Det hadde seg slik til tider at telefonkassa ikkje hadde nok småmynt. Då fekk han ei krone som han veksla i to 50-øringar. Dermed fekk han 50 øre for jobben. Han dreiv ei tid også og laga vaniljeis, men dette vart lite lønsamt

for alle skulle smake.

Han måtte då ro til Blakstad for å få tak i is som han brukte for å kjøle ned iskremen med. Han fekk låne robåten til Dale. Då han kom, måtte han vente til Karl Blakstad var ferdig med middagskvilda før han fekk tak i is og rodde attende til Aure. Han brukte salt for å få isen til å smelte slik att det danna seg kulde. Noko Elias tente litt på var også att han dyrka tobakksplantar i Thomasgarden på Grebstad i åkeren til onkelen sin, Ole Haugset. Han hengde dei til tørk opp under raftene på løa. Etter at tobakken var tørka, sende han den til ein fabrikk som heitte Neto på Sørlandet som bearbeidde tobakken. Tobakken heitte Mahuni.

Vinje har hytte rett ved skitrekktet på Fjellsætra og Elias sykla ofte fram dit om kveldane. Neste morgon var det å sykle ned til Aure til dagens gjeremål. Nils Angel Brekke har måla motiva i dørspeglane

på dørene inne i hytta. Hytta var eit gammalt hus som faren hans Elias hadde kjøpt på La. Dette flytte han seinare opp til Fjellsætra.

I 1947 var det tid for militærteneste. Elias reiste til Steinkjer der var han i tre månadar før han vart med i Tysklandsbrigaden i seks månadar.

I 1949 døydde faren. Elias måtte ta over drifta av butikken i ein alder av 22 år. Han hadde hjelpt til i mange år så det meste var kjent for han. Elias kan hugse at dei ein julaftan på slutten av 1930-åra talde opp kassa som inneheldt i overkant av 500 kroner. På denne tida var ein gjennomsnittleg omsetnad pr dag på ca 60 kroner. I 2006 var tala for siste handledag før jul om kring 250.000 kroner og gjennomsnittleg ca 80 - 100.000 for ein vanlig dag. I starten var det ei familiebedrift som hadde få medarbeidarar, no i 2006 har butikken ca 20 medarbeidarar.



Bak disken står Sverre Lyshol og til høgre Elias Vinje, framfor står mest truleg ein handelsreisande. Personen til høgre er ukjend. Bilde utlånt av Elias Vinje

Status 1914

aktiva	
varebeholdning	24004,20
- 5% for ukurante varer	1200,20
	22804,00
Udestaande fordringer	10510,67
Kassebeholdning	3144,18
Total	36458,85
Passiva	
Kreditorer ifl fortegnelser	27208,22
Laan i Kreditbanken	972,77
Gjeld til J. Vinje	197,00
Renter til Kreditbanken	65,00
Balanse	8015,86
Totalt	36458,85

Elias Vinje

— Sykkylven —

er født 8. mai 1883 i Stordal, overtok høsten 1912 en forretning i Sykkylven som blev drevet i leiede lokaler; inntil 1920.

Iløsten samme år flyttet forretningen inn i egen moderne forretningsgård.

Forretningen omfatter nu kolonial, mel, manufaktur, mode- og kortvarer, stentøi, glasvarer, malervarer, samt kjøp og salg av alle sorter landmannsvarer.

Gammal reklame for Vinjobuda

Kjelder

Samtaler med Elias Vinje og Kari Espe.

Gjennomgang av gamle notat av Elias Vinje senior (vareteljing 1913, statusbok m.m)

Vareteljing for året 1913 som var det første heile driftsåret til Elias Vinje. Her er eit utdrag av kva varer som var i butikken ved vareteljinga i 1913 med verdi.

1 kg tobak	kr 26,00
Sagsnekke	kr 2,80
23 kg kaffi	kr 48,30
Skjerekasse	kr 3,00
15 kg kaffi	kr 31,80
Bærekasser	kr 40,00
2 kg plommer	kr 32,70
Ved	kr 100,00
5 kg rosiner	kr 36,40
Rammelister	kr 35,00
1 kg candis	kr 12,50
3 kg hyssing	kr 11,50
Appelsine	kr 3,00
Slegger	kr 5,00
Kjødt	kr 160,00
5 par sko	kr 41,50
Kaffitilsætning	kr 9,00
4 par herrestøvler	kr 47,25
Salt	kr 3,00
3 par damesko	kr 29,00
1 dunk edik	kr 7,60
Paraplyer m.m.	kr 41,76
Salmiaksaape	kr 12,50
18 kg maskinolie	kr 10,80
1 vaskebalje	kr 2,00
Drammeglas små	kr 1,60
Lysestaker	kr 2,40
Kaffiposer	kr 15,00
1 lampe	kr 10,56
Kniver	kr 12,00
6 stk klæshenger	kr 1,20
Hatter	kr 16,00
2 stk speil	kr 11,60
Krukker	kr 2,00
Batterier	kr 2,20
Briller	kr 2,00

Total pris på alle varene i butikken skulle ut frå E. Vinje vere kr 21054,90 og han skal ha betalt kr 1040,74 for transport av varer til butikken i 1913.



Familien Vinje i 1937. Bak frå venstre Thomas, Kari, Bjørg og Jorunn. Framme frå venstre Elias senior, Elias junior, Edny og Laura. Bilete utlånt av Edny Weiberg-Aurdal.



Elias Vinje i arbeid på kontoret sitt. Foto: Thor Willy Strømme.

Nye sykkylvingar

Innvandrane blir ein stadig større del av innbyggjarane i Sykkylven. Årboka har bede nokre av dei om å fortelje med eigne ord korleis dei har opplevd å kome til kommunen. Stykka er lagt til rette av Monica Søvik Hjelmevoll.

Fleire likskapar enn forskjellar

Eg vart fødd i Vest-Frankrike, i Bretagne, i ein liten by ikkje langt frå Atlanterhavet. Seinare flytta eg til Paris-området for å finne arbeid.

Då eg flytta til Møre og Romsdal i fjor, var eg nøgd med å bu nær havet. Ja, visst er naturen forskjellig her, alt er større og villare. Men eg kan gå på fiske i helgane, slik eg gjorde da eg var ung. Også når det gjeld menneske, har eg funne fleire likskapar enn forskjellar. Her er kanskje ungdom meir likeglade, som om dei lever utan frykt for arbeidsløyse.

I samfunnet er det kanskje òg mindre forskjellar mellom rike og mindre rike personar. Det er også mindre vald og meir hoflegheit mellom nordmennene.

Francois Le Scour frå Frankrike

Ikkje så lett å kome i kontakt

Før eg kom hit, jobba eg 12 år i Singapore. Det er ein stor by, med mange folk. Mitt land, Filippinane, har tett busetnad, det er meir folk både i byane og på landet.

Då eg kom til Sykkylven den 3. november 2004, var det ein stor overgang for meg. Sykkylven er jo ei bygd! Både Singapore og mitt land har høgare temperaturar, meir stabilt vêr og berre to årstider. Eg fraus veldig i byrjinga, men no har eg blitt vant til vêret her. Men vêret skiftar for mykje.

Mange innvandrarak held seg til andre innvandrarak i staden for å ta kontakt med nordmenn. Det er ikkje vanskeleg å snakke med nordmenn fordi mange snakkar engelsk, men det er ikkje så lett å kome i kontakt med folk her.



med svigerfamilien min.

Leonida Binuya Kursetgjerd frå Filippinane.

Kjende meg som ein romfarar

Eg kom til Noreg den 8. september 1992. Det er morosamt kvar gong eg tenkjer tilbake til den første dagen eg gjekk i Aure sentrum. Eg hadde på meg ei tjukk jakke og skolettak og følte meg som ein romfarar når eg gjekk rundt på gata. Eg gjekk så rart,



fordi eg var van med berre T-skjorte, shorts og sandalar på Filippinane.

Det var ikkje så mange innvandrarak i Sykkylven på den tida. Derfor glodde sykkylvingane på meg kvar gong eg møtte nokon, spesielt born og unge. Eg veit at nokre sykkylvingar ikkje likar oss, men eg har ikkje opplevd spesielle episodar.

Petronila Brekken frå Filippinane.

Det hørdest nesten ut som dei gøydde

Det var ein gong ei jente som kom til Noreg på eit 15-dagars besøk frå Colombia. Etter 5 år, ein fin gut og ein snill sambuar, er ho framleis på "ferie". Førsteintrykket hennar då ho første gong hørde det norske språket, var at ho var usikker på om folk snakka eller krangla. Folk snakkar veldig valdsamt, det hørdest nesten ut som dei gøydde, meinte ho i mange månadar.

Seinare lærde ho meir og meir av dette språket, mellom anna at reiskapen ho kalla "gjerringen" heitte ostepølse. Ho kalla den dette namnet fordi ho meinte den gav veldig lite ost...

Framleis må denne jenta lære om dette språket med sine 102 dialektar, særleg sykkylvsdialekten. Ho er enno overraska over den fine naturen og den interessante historia som Noreg har. Ho prøver også å forstå den norske kulturen. Mange personar er veldig hyggelige og dei er verdas beste venar med alkohol i hovudet. Dei kan snakke, le og fortelje deg om heile livet sitt. Men neste dag kan dei ikkje ein gong seie "hei".

Kanskje er dette for mykje sagt, eller så er sykkylvingar skeptiske til å begynne å prate med folk frå ein annleis kultur. Enno prøver denne jenta å finne ut av dette, for når det oppstår ein sjanse til å snakke, er det mulig å få til ein kjekk samtale som kan ende med eit godt venskap. Etter fem år er jenta

i historia framleis i gang med å "overleve" i Sykkylven. Ho har konkludert med at ho ikkje er herifrå og ikkje "derifrå", altså Colombia. Alt er endra i livet hennar.



Jenta vår takkar kvar dag for at ho bur i Noreg med familien sin, og for at ho har sjansen

til å blande to spesielle og interessante kulturar.

Sandra Perez Tejedor frå Colombia.

Veldig fin natur

Eg heiter Jennifer E. Klokk og kjem frå Filippinane. Då eg kom til Noreg for ni år sidan, budde eg hos tanta mi på Åfarnes. Etter at mannen min og eg gifta oss, flytta eg hit til Sykkylven.

Som innvandrar her er det viktig for meg at eg lærer språket, for då kan eg lettare kommunisere med mannen min og familien hans. Før snakka eg berre engelsk til dei. Svigerforeldra mine kan ikkje så godt engelsk. Derfor gjekk eg på norskkurs for å lære. Eitt år etter at eg gjekk på norskkurs, fekk eg arbeid på Ekornes, og der har eg fått mange norske vener.

I Noreg er kultur og tradisjonar forskjellig frå heimlandet mitt. På Filippinane feirar vi jul saman med familie og vener. Vi er ute heile tida og har det gøy. Her i Noreg er det veldig forskjellig fordi vi feirar jul på ein heilt annan måte. Men etter så mange år har eg blitt vant til det.



Fordelar for meg: Sykkylven er ein veldig fin, trygg plass å bo, med mange snille, norske folk og mange arbeidsplassar. Best av alt; ein veldig fin natur. Ulemper: Mykje dårleg vær, det er veldig kaldt om vinteren og eg bur veldig langt frå familien min på Filippinane.

Jennifer E. Klokk frå Filippinane.

Ikkje alle trivst ute

Det er generelt ikkje lett å vere innvandrar, men er det lettare i Sykkylven?

For min del var det først og fremst veldig interessant å samanlikne med andre stadar eg har budd, før eg kom til Noreg. Det tar litt lenger tid å bli kjent med folk her, men med ein gong ein kjem seg over den innbilte lina mellom seg sjølv og andre, spesielt nye menneske, er dei norske, til og med sykkylvingar, veldig kjekke medborgarar.

Å lære seg norsk så fort som mogleg er sjølvsagt til stor hjelp. Å kunne norsk historie og litt

om den norske bakgrunnen, om det kulturelle og sosiale livet, er også lurt. Dessverre finst det ikkje mange muligheiter for å kome seg ut. Vel, når vi ser bort frå alle dei flotte fjella, verdas flottaste utsikter, ut i den flotte naturen. Men det er ikkje alle som trivst ute, ikkje sant?



Ladislava Harakova frå Tsjeckia.

Litt rart å drikke te?

Då eg kom til Noreg for to år sidan, vart eg begeistra over den kjempefine naturen, fjella, havet var altfor pent til å kunne eksistere! Det var sommar. Eg hugsar at eg var overraska då eg midt på dagen måtte leggje meg til å sove, fordi det faktisk var midnatt. Nordmenn som eg helste på, var veldig snille og oppriktige, men polsk kultur er ulik norsk kultur.

Eg huskar då eg inviterte den norske veninna mi til selskap. Ho kom med mannen sin og ryggsekken full av alkohol. Ho vart overraska over at dei fekk servert alkohol og at eg ville spandere maten. Ho var sikker på at eg måtte vere veldig rik!

Eg kan det norske språket ganske godt, men framleis har eg problem med å bestille te på restaurantar eller liknande. Vanlegvis går det slik:

Kva vil du ha?

Te, takk.

Unnskyld?

Ein kopp te.

?

Til slutt snakkar eg engelsk Tea, please ...

og han eller ho forstår. Eg lurar på om det er fordi dei ikkje forstår kva eg seier, eller om det kanskje er fordi det norske folk berre drikk kaffi og at det er litt rart å drikke te?

Malgorzata Krzesinska frå Polen.



Eg vil behalde verdigheita mi

Eg kom til Noreg for aller første gong i oktober 1999. Det var ei lang reise med buss og fly hit. Eg vart henta på flyplassen på Vigra av vertsfamilien min, som eg skulle arbeide for som au pair. Det var ein fin haust dette året. Eg vart forelska i den norske naturen med ein gong!

Eg kan ikkje hugse om eg hadde nokon spesielle opplevingar i samanheng med at eg er polsk. Stort sett var alle snille mot meg og behandla meg likt med alle andre. Familien som eg budde hos var veldig hyggelige og opne på mange måtar.

Kanskje var mange nordmenn som eg snakka med ikkje heilt oppdatert når det galdt utviklinga i Polen. Dei fleste tenkte framleis på Polen slik det var der i 1970- og 80-åra. Mange var i Polen på denne tida, og hugsar landet som ein fattig, grå og kjedeleg del av det kommunistiske regimet.

Før eg kom til Noreg, hadde eg lese ei bok om dette landet. Det var ei ganske gammal bok, frå 1975 trur eg. (Det var vanskeleg å finne ei meir aktuell bok på denne tida, for Noreg var enno eit ganske ukjent land for dei fleste i Polen). Eg vart ganske sjokkert over kor ulikt landet eg kom til var frå det landet eg hadde lese om. Ikkje naturen, men folket og deira livsstil. Noko likte eg betre, noko dårlegare, men ein ting var sikkert: i løpet av 25 – 30 år har livet i Noreg blitt snudd opp ned.

Det som eg likte, og framleis likar, er at folk i Noreg stort sett er veldig høflige. Når ein gjekk i ei butikk eller på eit postkontor, tok buss eller spurde ein framand om noko på gata, møtte ein vanlegvis snille, tolmodige folk som var viljuge til å hjelpe til. Og det at nesten alle snakka engelsk gjorde det mykje enklare å kommunisere for dei fleste utlendingar.

Det som derimot gjorde eit negativt inntrykk på meg, var mangelen på respekt overfor vaksne hos ungdom og born og ein mangel på respekt for mat hos dei fleste nordmenn! Folk i Noreg kastar veldig mykje mat. Spesielt dei yngre generasjonane set ikkje pris på det dei får, dei er vane til å få alt dei ønskjer seg. Folk har råd til å kjøpe mange ting, ofte utan at dei treng det dei kjøper eller dei tenkjer ikkje over kva dei handlar. Difor går dei på kjøpesenter og handlar mykje mat som skal kastast etter nokre dagar, eller kjøper klede som berre heng i skapet.

Ein annan ting som gjorde eit negativt inntrykk på meg, var alle skilsmisene i Noreg. Eg synest det er sjokkerande! Då eg las den gamle boka om Noreg, tenkte eg at det var eit land som prioriterte familjeliv...Hm.... Her tok eg feil.

Etter fem og eit halvt år i Noreg, har ikkje meinigane mine endra seg mykje. Det er ganske mange ting eg kunne skrive om både når det gjeld positive og negative norske eigenskapar.

Noreg er eit greitt land å bo i når det gjeld det økonomiske. Men "innsida" er ganske tom. Mange personar har veldig lite verdigheit. For mange består livet berre av festing, alkohol og pengar.

Ein gong på ein fest sa ein norsk gut til meg at no som eg bur i Noreg, må eg tilpasse meg den norske livsstilen og kanskje til og med leve den! Nei takk. Sjølv sagt respekterer eg norsk lov og norske normer. Eg viser òg toleranse for andre sin kultur og livsform, men det betyr ikkje at eg må akseptere det som eg ikkje likar. Eg vil behalde verdigheita mi, sjølv om andre ser på meg som ein gammaldags, konservativ person.

Magdalena Dalene frå Polen.

Eg har fått mange vener

Som innvandrar i Noreg, er det viktig å lære det norske språket, kulturen og tradisjonen. Det er også viktig å kommunisere med folk. Då eg kom til Sykkylven, budde eg hos tanta mi i tre månadar. Etter nokre månadar gifta eg meg med ein norsk mann, og vi flytta til han. Som innvandrar måtte eg lære norsk.

Etter eit år på norskkurs, søkte eg jobb på fabrikk og vart tilsett med ein gong. I byrjinga var det ikkje lett å kommunisere. Eg kjende meg heilt åleine, men etter kvart fekk eg mange vener, både nordmenn og folk frå andre land.

Fordelane med å bu i Sykkylven, er at det er stille, roleg og trygt å bu her. Her er sikre arbeids-



Alma Bagol Utgård frå Filippinane.

plassar, lite kriminalitet. Eg har slekt her og naturen er heilt utruleg vakker. Ulempene er at vêret er ustabilt. Det er langt frå min næraste familie og Sykkylven er ein liten plass i forhold til staden eg kjem frå i heimlandet mitt.

Alle har skal rundt seg

Eg har budd her i Sykkylven i over sju år. Eg ville faktisk bu i Oslo-området, men eg kom hit. Før eg kom til Noreg, visste eg veldig lite om dette landet. Eg var overraska over kor vakker natur Noreg har. Dei høge fjella fascinerte meg mest. Latvia er nesten heilt flatt. Det høgste fjellet, Gaijinkalns, er berre 312 meter høgt.

Eg vil fortelje om den første dagen på vei hit. Eg var saman med ei norsk dame. Vi reiste frå Stranda til Sykkylven. Eg såg ut av vindaug og sa "Oj, sjå på dette!", og "Ah, kor vakkert!" heile tida. Ho såg på det eg peika på og svarte "Ja, ja"! Ho kunne ikkje forstå kva som var så spesielt med det vi såg og kvifor eg gapte av forbausning.

Nok om naturen! Eg vart rett og slett forelska i den. Eg ville eigentleg skrive om menneska som bur i Sykkylven. Eg har arbeidd som au-pair og som butikkmedarbeidar. Difor kjenner eg mange nordmenn. Sykkylvingar er snille og hjelpsame menneske. Det einaste problemet er at det er vanskeleg å få vener her. Alle har sine vener frå barndomen eller frå skuletida. Ingen vil

ha nye vener frå eit anna land eller frå andre stader i Noreg. Eg har mange vener, men dei er alle utlendingar slik som meg. Eg vil gjerne få norske vener, men spørsmålet er; korleis? Alle har skal rundt seg og det er ikkje lett å knuse det...



Aiga La Roche frå Latvia.



Skiold Lyshol er fødd i 1944, er fotograf i Sykkylven og har lang fartstid som aktiv hornmusikar.

Fotopar: Aurekaia

Av Skiold Lyshol

Aurekaia

Aurekaia. Dette var samlingspunktet vårt, vi ungane som vaks opp på Aureområdet. Frå tidleg morgon til seine kvelden, var der noko å oppleve.


Ferga og lastebåtane var det store. Lastebåtane kjende vi på fløyta (Klungnes), ungane var dei første som viste seg når det kom bananar. Vi såg banankassene i lasterommet der vi sto på kai-kanten og kika. Kai-Jens og Alfred var alltid forkava når båtane la til. Då kom også Elias, Sevrin, Olaf og Selmer med trallene sine for å hente varer. Ungane hjelpte til og fekk seg ei karamelle. Vi fekk lov å køyre trallene unna bakke ned til kaia igjen. Vi fiska mort og gav det til alle villkattane, og bada i sjøtrappa. Påsketrafikken var stor med bilar heilt opp til Café Palmen. (Seinare Café Roald).

Byfolket kom med fine bilar og vi fekk skrive nye bilnummer. Kiosken var kjekk å ha, med bladet Jukan og småsjokolader og utandørs sjokoladeautomat. Bilane vart oppstilte og fekk nummer på ruta.

Om BP-stasjonen hans Brudevoll hadde vi gutane eit rim om bensinen. BP: Brudevoll piss, ikkje vondt meint, berre moro eller Kalle Welle sin radiobutikk. Kalle K med gummitå osv.

Kaihuset var eit stort bygg med pissoar, det var stas å slå lens der. Inne var det kjempestort med mykje mjølsekkar og mykje mus, som vi prøvde å fange. Småbåtane som kom til sjøtrappa var "Hustad", "Bjønnavik" og "Kveite" frå Magerholmkarane til fiskehandlar Nes.

Handelslaget brende rusk i fjøra og heiv ein og anna ting som vi kunne ete, og det vi fann i fjøra, smakte ekstra godt. Vi levde godt i Aurefjøra på den tida og hadde mykje moro.



Aurekaia 1963 - ferjekø og fotgjengarar gjorde sentrum til ein livleg møteplass. Foto: Skiold Lyshol

*Fotopar-idéen var det Thor Willy Strømme som fekk.
Han har gått i tospann med Skjold Lyshol og tek sikte på fleire slike
par-bilete frå før og no i seinare årbøker.*



Aurekaia 2007 - riksvegen har kome der kaia var og trefikken går utanom sentrum. Foto: Thor Willy Strømme.



Kjell Jarle Gjerde, fødd 1948, arbeider i Nordsjøen. Hobby er lokalhistorie og han har blant anna vore aktiv med restaureringa av ein dampmaskin som har fått sin plass ved den nyleg restaurerte Fønixfabrikken.

Møbelpioner og Drivaduppens far

Av Kjell Jarle Gjerde

Drivaduppens far

Han vart møbelpioner i Trøndelag. Men det var ein liten dupp som verkeleg fekk det til å ta av for den utflytta sykkyllvingen Karl Tafjord.

Sykkyllven har fostra mange personar som har sett spor etter seg i samfunnet. Industrireiseinga i tju - trettiåra la grunnlag for arbeid og velstand, og mange ungdommar på denne tida var med på å utvikle den lokale industrien vidare. Andre drog "over dammen" for å søkje lykke, medan andre igjen tok med seg idear og entusiasme til andre kantar av landet.

Arbeidsteneste

Karl Tafjord vart fødd i 1923 og vaks opp på Plassane i Sykkylven. Etter skulen gjekk han i skreddarlære og var innom både L. K. Hjellevarefabrikk og Osvald Haddal sin møbelverkstad på Grebstad. Krigen kom og endra på framtidsdraumane til dei fleste. Den norske hæren måtte gi tapt for ei stor overmakt og det vart arbeidsteneste for okkupasjonsmakta for ein stor del av Norges mannlege befolkning. Karl møtte fyrst på Selbustrand. Dit kom og Erling Frøysadal frå Sunnlyven, som hadde vore dreng i Kapralgarden og hestehandlar på si. Han hugsar at vêret var elendig i dei vekene karane var der. Dei var fast bestemt på å ta seg over til Sverige, og hadde endå til stole kvart sitt par ski til føremålet. Det dårlege vêret heldt fram og dei såg seg ikkje syn til å ta ut på denne ferda.

Etter tre fire veker vart det bestemt at dei skulle sendast vidare til Sparbu i Nord-Trøndelag for å fortsette arbeidstenesta der. Skiene vart dumpa i skogen og kursen sett vidare nordover. I Sparbu vart karane i arbeidstenesta internerte i samlingshuset og i eit nedlagt spinneri. Hovudoppgåva deira var å grave ei vassleidningsgrøft gjennom sentrum. Karl meiner at så mange som 200 mann var engasjert i dette arbeidet utover våren og sum-



Karl Tafjord er Drivaduppens far. Det er noko dei fleste sportsfiskarar veit å setje pris på.

aren. Han hugsar og at grunnen dei arbeidde i var så blaut at mange let gummistøvlane stå att i gjørma medan dei gjekk til matpause på berre strømpelsten.

Industri

Tida i arbeidstenesta tok slutt og karane vende heim att til Sykkylven. Medan dei var i Sparbu hadde dei etter kvart fått ein ide om at dette måtte vere ein bra plass å starte industri. Denne tanken let seg ikkje sleppe så lett. Karl hadde litt praktisk erfaring frå møbelindustrien og kunne sy. Frøysadal hadde handelsskule og innsikt i det boklege. Dette burde borge for eit mogeleg industrieventyr i det nordlege Trøndelag.

Som tenkt så gjort: Karane kjøpte opp nok møbelgrindar i Åndalsnes og omegn til å fylle ei jernbanevogn før dei tok vegen attende dit dei ufrivillig hadde blitt plasserte kort tid i førevegen. Dei fekk leige lokale i eit uthus hjå ein som dreiv snikkarverkstad. Denne karen vart seinare den fyrste underleverandøren til møbelindustrien i Sparbu.

Møbelproduksjonen tok til og utvikla seg positivt for dei to karane. Dei var heldige og fekk kjøpt inn eit parti med ferdige puter med fjørinnlegg. Dette var noko nytt, og produkta til den vesle bedrifta selde godt.

Frå 1943 og fram til 1945 gjekk produksjonen jamt og trutt. Overskotet gjekk til å kjøpe snikkar-maskiner i alle variantar samt skog på rot som vart saga til bygningsmaterialar. Samtidig var Karl Tafjord aktiv i det lokale motstandsarbeidet mot okkupasjonsmakta.

Maskin og flesk

Det var mykje bytehandel i denne perioden, og Karl hugsar godt ein episode der dei hadde fått teften av nokre maskinar frå Austlandet. Jau, maskinane kunne dei få overta, men betaling skulle helst vere i flesk. Og karane visste råd. Halve griseskrottar vart skaffe til vegar, flesket pakka med papir i ei kasse av 1 ½ toms plank med sagspon på alle kantar, for så å bli sendt sørover med fyrste tog. Kassa var merka med maskindelar, og då dette var midtvinters gjekk det heile utan problem. Utstyret frå Austlandet kom i retur til Sparbu som avtalt. Maskinane som var innkjøpt vart lagra på låven til kjenningar, og der dreiv dei og produksjon ei tid.

Krigen tok slutt og Karl Tafjord og Erling Frøysadal hadde no lagt eit godt grunnlag for vidare utvikling av verksemda. Dei ordna med tomt til fabrikk før det kommunale byråkratiet tok seg opp att etter fem år i dvale. Dei fekk fatt i sement til muring via snarvegar. Materialar hadde dei allereie på lager og fabrikken kom opp i rekordfart før nokon rakk å protestere på noko.

Dei største utfordringane i tida etter krigen var når arbeidsstokken skulle utvidast og nye maskinar setjast i drift for å auke produksjonen. Dei hadde ikkje tenkt grundig nok gjennom at dei eigentleg var pionerar innan møbelproduksjon i dette distriktet. I Sykkylven fanst det mange små og store verksemdar, og det vart utveksla lærdom og erfaringar. Her måtte dei lære alle arbeidsoperasjonar frå grunnen av.

Det var ein mødesam prosess, men møbelproduksjonen i nyfabrikken kom etter kvart godt i gang. I tillegg til produksjon av salongar og sovesofaer vart det og produsert dører og vindauge som vart selde direkte til forbrukar. Møblane vart deri-



Signe og Karl Tafjord – heime hos seg sjølve på Sunndalsøra.

mot selde gjennom møbelforretninger i Steinkjer og Trondheim og etterkvart gjennom agenturet til Rokling i Oslo.

Nordenfjeldske

Fabrikken, som i først fekk namnet Frøysadal og Tafjord møbelfabrikk, vart no til Nordenfjeldske stol- og møbelfabrikk. Etterspurnaden etter produkta auka. Ei jarnbanevogn stod til ei kvar tid klar på stasjonen, og når den var fylt opp gjekk den direkte til Oslo for distribusjon til kundar.

Dei hadde og ein avtale med eit firma om fast produksjon av to typar sovesofa gjennom ein ganske lang periode. På det meste talde arbeidsstokken i Sparbu 20 mann. Solhaug frå Ørsta hadde då slutta seg til laget som leiar av snikkaravdelinga. Etter kvart trong dei meir plass. Brakkene som arbeidstenesta hadde brukt under krigen, var brukbare til formålet, og ganske store. Dei fekk overta ei brakke via ein annan lokal interessent som ikkje klarte å skaffe dei 5000 kronene som skulle til.

Heile arbeidstokken på fabrikken gjekk laus på graving for fundament, støyping med kvitsement og riving og oppattbygging av brakka. Det heile gjort på fjorten dagar utan den store begeistringa frå dei kommunale instansar. Men ein ting såg fabrikkeigarane klart. Skulle det bli noko av planane, måtte

det gjerast på denne måten. Så fekk dei heller ta kjeften i etterkant.

Karl minnest denne tida med glede. Dei jobba hardt, tok utfordringane på strak arm og fekk tinga til å fungere. Då alt stod ferdig, hadde ikkje karane lånt ei krone, og dei hadde levd godt i denne tida.

Friluftsmann


Karl fekk og tid til å dyrke sine friluftsinteresser og då spesielt fiske i elvar og innsjøar. Han gifta seg med Signe i Mære kyrkje i 1947. Ho var frå Sparbu og fødd i 1922. Kring 1950 selde Karl seg ut av verksemda i Sparbu. Dei bestemte seg for å flytte til Sunndalsøra og bygde seg etter kvart hus på Grøa. Etter ein kort periode som reparatør av møblar, fekk Karl seg arbeid på aluminiumsverket. Han fortel at dette var ein god arbeidsplass.

På sine mange turar i elvar og ved fiskevatn hadde Karl gjort seg opp ymse tankar om korleis han kunne overliste auren. Sjølv om det tradisjonelle agnet fungerte bra i mange høve, såg han at forbetringar på utstyret kunne gjerast.

I byrjinga av 60-åra, då han framleis arbeidde på verket, byrja han å eksperimentere med forskjellige løysingar. Han og Signe var på fisketur ved Dalavatnet ein kald og klar vårdag og fisken ville ikkje bite. Signe ville heim, men Karl ville prøve litt til. Han smidde seg til ein trekjepp som flytemiddel med tre fluger under. Det gjekk ikkje lenge før han fekk napp, og før han fekk drage inn, hadde han fisk på alle krokane. Dette vart det endelege gjenombrotet.

Det tok ikkje lang tid før den fyrste Drivaduppen såg dagens lys. I fyrstninga var den dreia av tre, men etter kvart tok plasten over. Karl organiserte produksjonen slik at underleverandørar produserte dei ulike delane som igjen vart monterte av enkelt-personar i Sunndalen.

Treduppane vart produsert i Bjørkedalen, plast delane av Bakelittfabrikken på Åndalsnes (seinare flytta til Aurskog), og andre delar til duppen fann Karl sjølv enkle løysningar på.



Karl Tafjord - møbelgründer og sportsfiskar.

Drivaduppen

Heilt i byrjinga gjekk salet av duppen tregt. Mange var skeptiske til slike nyvinningar. Etter kvart som sportsfiskarar både i inn- og utland oppdaga fordelane, auka etterspurnaden. Karl stod sjølv for salet i byrjinga. Då vart alt formidla direkte til sportsforretningar. Etter kvart vart interessa så stor at dei store grossistane som Intersport, Gresvig og Elbe kjøpte all produksjonen. Det må vel seiast at dei aller fleste som driv litt med sportsfiske har kjennskap til Drivaduppen, men eventyret bak produksjonen er det vel dei færraste som kjenner til.

I 2001 selde Karl alle rettar for produksjon og sal av Drivaduppen til storkonsernet Elbe. Han måtte ta omsyn til eiga helse, og såg dette som den beste løysinga. Men framleis har han tankar om korleis ting kan forbeistrast og utviklast vidare. Kanskje dukkar det opp eit nytt "Columbiegg" frå den vesle verkstaden på Sunndalsøra, der Karl og Signe i dag har heimen sin.

Forfattaren Rolf Sagen, fødd 1940, har gitt ut eit stort tal romanar, noveller, dikt og barnebøker. Collagen Kvengedal frå 1970 er sett saman av klipp frå lokalavisene Sykkylvsbladet og Sunnmøringen på Stranda. Best kjend er nok romanen Mørkets gjerningar frå 1976 og den kritikkroste Lyden av vatn frå 1990.



Smed-Olav

Av Rolf Sagen

Eg høyrer ikkje til dei som meiner at stoffet treng å vere oppdikta for at vi skal kalle det ein roman, seier Rolf Sagen. Både i Kvengedal, i Mercedesryttaren, som handlar om politivaldsaka i Bergen, arbeider han med dokumentarisk materiale. Kraftverk, som følgjande avsnitt er eit utdrag frå, kallar han ein dokumentarroman og han har henta stoffet frå oppveksten sin i Sykkylven. Kraftverk kom ut i haust på Det Norske Samlaget.

Smed-Olav

Han bur framleis oppe på Høgebøane, eit stykke frå Aure sentrum. Eg køyrer opp gjennom Nakkegata i strålende solskin, men med ein liten verk i brystet. Dette landskapet har eit hardt grep om kroppen min, og eg køyrer langsamt. Eg køyrer langsamt forbi huset der eg budde som tenåring, eg køyrer langsamt forbi alle husa som har si eiga historie her, og som eg minnest små bitar av. Eg køyrer sakte forbi huset der eg noen år seinare budde saman med første kona mi og vesle Magnhild som spedbarn. Ja, eg køyrer langsamt, men stoppar ikkje ved den vesle toetasjes blokka der vi budde i sokkeletasjen. Mange nye hus er komne til. Og det har grodd opp store tre og prydbusker i hagane. Eg køyrer sakte og sveivar ruta ned, for eg vil kjenne luktene som minna bur i, og det opnar seg eit vemod som gjer det tungt å puste.



Framsida på boka Kraftverk, som kom ut i haust.

Eg går ut av bilen og spør meg fram, og etter litt leit-ing finn eg huset til Olav frå Smedgarden. Eg har snakka med han i telefonen.

Eg høyrer på stemma hans at han er blitt spakare, liksom. Forklaringa har han kanskje sjølv gitt meg då han fortalde at han lir av ein farlig sjukdom. Han er likevel ved godt mot, men ein veit jo aldri når det gjeld sjukdom.

Så er eg framme, og eg ringer på. Vi handhelser. Olav er pensjonert no, men framleis aktiv som muskar. Kontrabassen har han lagt bort. No spelar han tuba i eit brassband. Han har tre vaksne barn som har flytta ut, og bur no her saman med kona si.

Smed-Olav

Jazzklubben?

Ja, eg hugsar at vi øvde mykje og reiste rundt på Nordvestlandet og spela ein kort periode. Vi var ein kameratgjeng, det var han Rolf B. og han Finn og du. Og eg hugsar at vi hadde det svært morosamt. Bakgrunnen var vel musikklaget Lurlåt, der vi var med. Eg var jo blåsar i musikklaget, men spela både gitar og bass i jazzklubben.

Akkurat på den tida hadde ungdomslaget ein kontrabass som eg fekk låne. Ein av strengene i den bassen var litt i kortaste laget og måtte skøyttast med tau, men slik at knuten kom bak stolen, og det gjekk fint. Eg hugsar også at vi var fleire gonger og spela utanbygds, mellom anna var vi fleire gonger og spela til dans ute på Vigra. På desse ungdoms-

husa der ute, Viking og Mjølner. Og der låg vi over som regel, av og til privat, av og til med sovepose der det var eit ledig golv. Det tok vi ikkje så nøye.

Eg hugsar også at vi spela til dans på Sandane. Det var veldig spesielt. Den gongen låg vi på ung domshuset der, på eit kontor. Det var no ingen som sov så mykje den natta, så vi tok til å gjere skøy med kvarandre. Vi hadde kjøpt pølser og ketsjup. Og no var det slik at han Finn ganske fort fann seg ein stad å sove, han kunne sove kor som helst og når som helst, han Finn. Og medan han låg der, så var det ein som tok og smurde ketsjup på lippene hans. Og alle sto så kring han og følgde med på korleis han sleikte seg om munnen og etter kvart ville ha meir og meir. Alt medan vi heldt på å sprekke av latter.

Og så hugsar eg at vi tok drosje heile vegen. Fram og tilbake.

Var ikkje det svært langt å køyre med drosje? Jau, det var ganske langt, og det gjekk mange timar kvar veg. Men vi fekk ein avtale med han Martin Gjerde, som var drosjesjåfør. Eg hugsar ikkje om det var 50 eller 100 kroner han fekk. Kontrabassen hadde vi på taket under ein presenning.

Jazzklubben kjøpte bil også, eg veit ikkje om du hugsar det? Jau, eg hugsar det. Men klubben klarte ikkje avdraga, så eg bestemte meg for å kjøpe bilen sjølv. Seljaren gjekk då med på å byte bilen mot ei hagle som eg hadde ståande.

Så var det ein gong at han Finn skulle ta service på bilen, fylle på olje og sånn. Og så hadde han også fylt olje i girkassen, for å vere på den sikre sida, og det resulterte i at giret ofte spratt ut av

posisjon, det skulle vere tregare der i girkassen, men sidan skjedde det nesten alltid når vi var ute og køyrde, at vi måtte til med å skru nedi girkassen.

Spesielt hugsar eg ein gong vi var på Stranda, då måtte alle ut og skubbe for å få bilen av vegen slik at vi kunne sette i gang med å skru. Det var ein 36-modell, Volvo, og det var ein stor bil, ein 7-setar, og det hende vi tok instrumenta fram og spela i bilen.

Han Dort-Egil var ofte med og spela trekkspel. Men han spela bare i bilen, aldri på scena, han var med bare for moro skuld. Bilen blei starta med

sveiv, og så hende det at vi skubba han utfor ein bakke slik at vi kunne starte på gir. Eg hadde bilen noen år, og han Bendixen, distriktslegen, som hadde sansen for veteranbilar, spurde meg kvar gong eg var hos legen, om eg framleis hadde den bilen. Men volvoen hamna til slutt ute i Hundavikja som landbrukstraktor. Det siste eg veit, var at bakhjula blei brukte på ein tilhengar.

Kor lenge var du med i jazzklubben?

Det var i alle fall til eg drog i det militære, og det var sommaren 1959. Altså 2-3 år.

Ikkje alle sette pris på den nye musikken, fortel Olav, det var mange som var imot oss. Spesielt hugsar eg ein kar som er død no, men han utfordra meg til å ta svensketak (handbak). Eg vann, og dermed sa han ikkje lenger eit vondt ord om musikken vår.

Eit fotografi

Framfor meg har eg eit svart-kvitt fotografi. Det er ca. 23 gonger 17 cm. Det er eit bilde av jazzbandet i sine velmaktsdagar. Dette er einaste bildet eg har




Rolf Sagen voks opp i Sykkylven. I sin siste dokumentarroman utforskar han ungdomstida.

av bandet. Trulig tatt i 1958-59. Bakgrunnen er heilt mørk, og i framgrunnen ser vi ein Radionette høg-talar midt på bildet. Denne tilhørde ungdomshuset Vårvon i Straumgjerde og er visstnok i bruk den dag i dag. Heilt til venstre på bildet står ein solid bandopptakar som blei brukt til forsterkar på gitaren. Bildet må vere tatt medan vi hadde øving på scena der. Det er frå venstre: eg (gitar), Finn (ventilbasun), Rolf. B. (trommer), Oddbjørn B. (trompet), Smed-Olav (kontrabass) og heilt til høgre Bjørn V. (tenor-

sax). Bildet må vere tatt etter den legendariske turen til Sandane, dit vi blei inviterte av elevar frå landsgymnaset. Alle er kledde i svarte bukser og rosaraude skjorter. Den einaste på bildet som ikkje har rosa, men kvit skjorte, er eg som fortel dette. Det hadde seg slik at eg ikkje fekk vere med til Sandane. Eg fekk ikkje fri frå skulen og måtte difor låne bort uniformsskjorta til ein annan gitarist som skulle vere stand-in for meg. Då bildet blei tatt, hadde eg ikkje fått den rosa skjorta tilbake.



Frå venstre Rolf Sagen (gitar), Finn Karlsen (ventilbasun), Rolf Bergmann (trommer), Oddbjørn Bonesmo (trompet), Olav Hatlemark (kontrabass) og Bjørn Vik (tenorsax).



Torkjell Søvik, fødd 1942, er gardbrukar og historieinteressert søvikdaling.

Søvikdal kai

Av Torkjell Søvik

søvikdal kai

Kaia i Søvikdalen har hatt ein viktig posisjon i bygda – eit knutepunkt for post og gods og som møteplass for bygdefolket.

Det er litt usikkert når kaia vart bygd, men det går fram frå møteboka frå kommunestyret at det den 7. september 1906 vart gitt frå grunn til bygging av kai på Nedre Søvik. Før den tid hadde bygdefolket brukt den såkalla Storvoren, som var oppsett på dugnad. Ut frå dette kan ein gå ut frå at kaia på Lilleberget vart ferdig ca. 1910 eller der omkring.

Det var bestefar min, Ole Andreas Olsen Søvik, som var kaiekspeditor og postopnar i denne tida. To bøker eg har teke vare på, som går frå 1918 til 1950, kontrollprotokoll for postsendingar og frakt av gods over kaia, viser at det vart sendt og motteke all slags varer: sild, poteter, ved, kunstgjødsel, reiskap, ull og anna. Prisen var ikkje høg for å frakte desse varene. Til dømes 1 krone for ein øyk frå Tafjord til Søvik, 15 øre for ein grisunge frå Sjøholt til Søvik, 25 øre for ein sekk kol frå Ålesund til Søvik, 25 øre for ei tønne sild frå Ålesund til Søvik. Dette var i 1929.

Mjølkerute

Ca. 1933 starta Egil Larsen mjølkerute med båten sin og kaia vart brukt i samband med dette. Ruta gjekk frå Furstranda – Søvik – Ramstad og vidare langs strandgardane innover fjorden til meieriet på Stranda. Denne ruta varte til ca. 1959. Gardbrukarane køyrde då mjølka ned til kaia med hest og vogn eller slede, og tok tomspanner og varer med seg heim att.

I 1934 vart kaia pårend og skada av dampbåten "Erik Jarl" då den skulle leggje til. Dei skaffa seg då ein stor pram til å frakte stein frå Håneset mellom Søvik og Ramstad. Prammen vart lasta og slept til



Søvik kai er ein populær fiskeplass. Her er det Eva og Kåre Stuen som fiskar frå kaikanten.

kaia. Arbeidskarane for heim i Søvikgarden og skulle få seg mat, men då hengde prammen seg opp i kaia, kantra og gjekk til botnar. Så var det å byrje på nytt, men dei fekk det til. Denne historia er fortalt av Erling Søvik, som då dette hende var 11 år og budde i Søvika.

I 1937 selde bygdefolket kaia til eigaren av Nedre Søvik, Ole B.J. Søvik. Av skjøtet går det fram at kjøpar har plikt til å halde kai og ekspedisjonshus i god og brukbar stand. Det eine rommet i huset skal vere tilgjengeleg for og stå til rådvelde for bygdefolket.

Sjukekorga

I kaihuset var og sjukekorga plassert. Den vart brukt til å frakte pasientar over fjorden til Sjøholt til doktor, og kanskje derifrå til Ålesund, men den har neppe vore brukt etter krigen.

Dei første åra etter at kaia vart bygt, var det Sunnmøre Meieri sine båtar som frakta post og gods til bygda, men i 1920 starta MRF med rute på



Søvikdal kai. Ein idyll ved fjorden.

fjordane, og dei heldt fram med denne ruta til ca. 1950. Namna på desse båtane som gjekk her var: "Nordalsfjord", "Ivar Aasen", "Jotunheim", "Erik Jarl", "Eira" m. fleire. Eg hugsar frå mine gutedagar at det var stor stas når fjordabåten eller "dampen" kom, og vi fekk vere med ned på kaia. Lyden av dampfløyta og røyken frå skorsteinen sit spikra i minnet, eg var då sju - åtte år gamal.

Ja, minna er mange frå den tida. Mang ein gong låg vi på magen på kaikanten og fiska bergskjebbe med skjel eller kukkelur som agn. Det var spanande. Redningsvest var det ikkje snakk om på den tida, men det gjekk bra. Vi hadde lært å passe oss, men i våre dagar hadde dette vore utenkjeleg, trur eg. Det var ei anna tid, og eg veit ikkje om at nokon har drukna ved denne kaia.

Bestefar var ekspeditør og postopnar i 30 – 40 år, så han hadde mange turar ned til sjøen i desse åra. Dette var lenge før elektrisk ljøs kom til bygda, så parafinlykt var det einaste ein hadde til å hjelpe seg med. Han fortalde at når fjordabåten kom var det å

setje lykta med raudfarga glas på eine sida på kaikanten, slik at det vart lettare for båten å leggje til, for det var dårleg med ljøs om bord. Det kunne og verte lenge å vente, for båten var ikkje alltid presis, og vintersdag kunne det verte ein kald fornøyelse.

Bilen tek over

Etter at bestefar slutta som postopnar i ca. 1947, var det Klara Søvik som tok over etter han. No tok bilen over det meste av frakting av gods og post, så kaia hadde spelt ut si rolle som ekspedisjonsstad for bygda. Dei siste 50 åra har kaia blitt brukt meir som landingsstad for diverse båtar, og folk som står der og fiskar (rekreasjon). Etter at det kom oppdrettsanlegg på Søvika, blir og kaia brukt i samband med dette. Dei har og sett kaia i god stand med fendrar, stige og liknande.

Kaia har blitt brukt til mangt og mykje i sitt nesten hundreårige liv, og sikkert meir enn eg veit om. Håpar at ho vert halden ved like i åra som kjem, så kanskje varer ho i hundre år til. Kven veit?

Ved joletid

Av Erling Eliassen

Alt i kring av krig og strid,
lat kvila faa ved joletid,
naar jolesong og klokkeljom
fyller bygda med sin om.

Som sprikte fingrar by og grend,
tidt skild i strid og leven.
Gjeld det vaar bygd, me samla stend
so fast som knytte neven.

Ved jol kan folket samlast raust,
og bygda samansveisast,
kvar grend i nord, sud, vest og aust
til jole-lag kan samlast traust.

Um kvar sin hug, um kvar sin haatt,
Det ikkje no oss skilje',
me legg alt burt, av lavt og smaatt,
og tvinnar all vår vilje.

Om bergetrolli lurar paa,
aaa splitta samanheldet
lat dei daa berre driva paa
sin runddans inni fjellet.

For troll og draug dei skynar ei,
at folk er gløggare enn dei.
Lat bergetrolli undrast paa
at samanholdet det kan staa.

Sykkylven, det sterke ord.
er namn på bygd, paa heimejord.
Gjeld det vaar bygd, skal alle folk faa ensa,
me samla stend, radt til bygdegrensa.

Idrett og lokal patriotiske har alltid hengt saman. Denne blandinga av julestemning og kampsong for heimbygda er kanskje noko i sterkaste laget for vår tid. Men som tidsbilete seier det mykje om tonen og stemninga blant ungdommen. Forfattaren er Erling Eliassen, som kom

flyttande til Sykkylven frå Volda. Han var ivrig med i idrettslaget og var ein pioner i turnarbeidet. Songen er henta frå heftet som vart gitt ut til 25-årsjubileet til Sykkylven idrottslag i 1930.



Liv Randi Bjørlykke, fødd 1948, er tidlegare journalist, no lærar, kåsør og forfattar.

Ein finsk ålesundar i Sykkylven

Av Liv Randi Bjørlykke

K

unstnarar har ein tendens til å setje spor etter seg. På mange vegger i Sykkylven heng det måleri som folk er glad i.

Dei er signert P-son, P:son eller Pson. Bak dette rare namnet gøymmer det seg ein finsk målar som ofte var på besøk på desse trakter før, under og etter krigen. Rette namnet hans var Johan Alfred Pettersson (1887-1952), men han gjekk over til å kalle seg Jonas Peson då han var rundt 30 år. Ved dei tider forlet han også fedrelandet sitt og busette seg i Norge, etter nokre visittar til utlandet.

Ålesund


Etter kvart vart han og familien buande i Ålesund. Her fekk heile distriktet glede av talentet hans. Det kan seiast at han for høgt og lavt og måla. Han var svært produktiv. Og det var knapt ein ting han ikkje kunne dekorere, alt frå lampeskjermar til gardiner: «En av Ålesunds damer gjorde stor lykke på ballet etter krigen i en kjole av fallskjermstilke som Jonas Peson hadde dekorert». (Pirkko Marjatta Bakken: Jonas Peson. En finsk kunstmaler i Norge. Bergen 1991.)

Peson vart etter kvart svært etterspurd. Han fekk mange oppdrag: Kyrkjer og bedehus vart dekorert, kafear og møterom av alle slag. Årleg vart arbeida hans utplukka til å vere med på utstillingar over heile landet.

I Sykkylven dekorerte han m.a. kulissane på ungdomshuset Valhall, og ikkje minst kunne ein møte kunstnaren ute med staffeliet sitt. Peson var ein friluftsmålar. Gamle hus med torvtak og vakre fjell var kjære motiv. Han var oppteken av å fange lyset, og brukte gjerne sterke fargar.

Slagferdig

I Pålgarden på Haugset stod der ei hytte, og hit



Den unge Jonas Peson med palett, fotografert i 1906/1907. Utlånt av Pirkko Bakken, Trondheim.

kom Peson ofte med familien sin og vener frå byen. Her gleid han godt inn i miljøet. Han var triveleg og slagferdig, kan Norunn Haugseth Aure fortelje. Ein gong var han ute med far min og gjekk på ski. Ned sætrebrautene var det bratt, og då fortalde far at Peson spende av seg skiene og bar dei. Då fall replikken: Bättre att vara feg i fem minuter enn død før hela livet!

Peson snakka på gebrokkent svensk. Norunn var i 12-årsalderen då han døydde, så ho minnest han godt, og ho var venninne med dottera hans, Greta.

Jonas Peson

Jonas Peson 1887-1952



Dekorasjon rundt altertavla i Stranda Kyrkje (1945-1948)

Dei fleste maleria er henta frå
Harald Grytten si bok om
Jonas Peson - Maleren
2007

Alle bilde tatt av Peder Otto Dybvik.



Ålesund havn 1917.



Strikkande dame. (1926).
Tilhøyrer Ålesund kommune



Korpartiet i Vartdal kyrkje. Pesons dekorasjon er frå 1938.



Jenter mater høner (19??). Tilhører Norunn Aure.



Sjurgarden i Sykkylven, 1943, olje på lerret, 67x41cm. Tilhører Oddbjørg Skaar



Frå Festsalen i Sjømanns Kvile i Ålesund måla i 1932.



Seeneteppe i Velledalen ungdomshus måla i 1938.

Den som vil lære meir om Peson, kan finne stoff i Harald Grytten si bok *Jonas Peson - Maleren*, Nytt i Uka Forlag som nysst er komen i handelen. Peson var ein av mange kunstnarar på Sunnmøre i forrige hundreår. Han laga både akvarellar og oljemaleri, han var grafikar og teiknar, og ikkje minst brann han for at Ålesundarane måtte få farge på byen sin; han var for grå!

Pynteformann

Peson var formann for pyntekomiteen til Ålesunds 100 årsjubileum i 1948. Då skreiv han i avisa:

«Jeg har talt med masse huseiere og bedt dem pent om å gjøre noe med husfasadene, særlig syns jeg husene langs havnen, fra Naftadjupet til Brosundet bør få farge. Personlig er jeg ikke i tvil om at hvis alle ble grepet av den rette maleriveren, ville vi få en av de farverikeste byene i Norge, og i hvertfall ville vi få det mest maleriske havnemotiv som tenkes kan.»

Vi som ser jugendbyen Ålesund i dag, kan gle oss over at Peson fekk det som han ville.



Portrett av Johan Alfred Petterson, med kunstnarnamnet Jonas Peson, teikna av Greta, dottera til Peson.



Ruth, Greta og Jonas i leiligheita i Parkgata i Ålesund, tatt på Jonas Peson sin 60-års dag. Utlånt av Liv Tostrup Henriksen



2007: Siste året 'anj tønnja!

Av Liv Randi Bjørlykke

Mangel på regn? Nei, det surklar, og det gurglar og det silar ned. Vegane fløymer over. I fleire bygder er der store holer og stygge krater som bilane lyt transjagle seg over kvar bidige dag.

Som han sa ramstaddalingen, han stod og mønstra riksvegen: - Det er finare på månen enn her!

Nei, var det ein dag han ikkje regna! Ein skulle tru at vêrgudane oppheldt seg i dusjen heile døgnet. Den som har tenåringar i huset, veit kva eg snakkar om. Dei ser ikkje på klokka når dei dusjar.

- Hadde huda deira vore av papp, så hadde ho blotna opp, sa ei fortvila mor i Velledalen nyleg. Men no blotnar det både ute og inne. Asfalten, åkrane. Alt sym i vatn. Ein skulle tru vêrgudane hadde kjøpt seg overrisslingsanlegg.

Godt at dei fleste har slutta med poteter. Dei få stabeisane som er att, har sikkert måtta leigt seg ubåt med periskop for å få markens grøde i hus. Ein skulle hatt varme kjelder her som på Island, då kunne potetene ha vore tekne opp kokte.

Og vatnet stig: På Straume står sjøen no så høgt at tørrfisen legg seg til ro på opphenget åleine. På Stranda står 200 mål gras uslege. Og er det gale der, er det verre her. Bøndene treng minst to dagar etter rad med opphaldsvêr for å køyre traktoren ut på åkeren, seier dei. Og det skjer aldri «på bygderne nu til dags» at regnbygene held seg vekke to dagar på rad. Som han sa bonden eg snakka med i haust: – Eg trur det er siste året 'anj tønnja!

Kvar er det help å få, skal tru? Er alle lågtrykkja eit endetidssteikn, kanskje? Mange ser ut til å meine det.



Foto: Arne Furland

Det kom ein mann inn på kulturhuset og skulle stemme i haust. Folk ville vite kven han skulle stemme på.

- Eg stemmer på dei som kan skaffe godvêr, sa han. Det står att å sjå om politikarne let han få viljen sin. Det einaste vi kan gjere med styggedomen er å sitje trufast framfor fjernsynet kvar kveld og studere vêrmeldinga: Vi finn fort ut at vi lever midt mellom to tiltjukningar. Ikkje eit oppløse i sikte nordom Bergen. Ikkje rart at han Hove får inn folk på venterommet som lir av symjehud mellom tærne.

Men du ser at sør for Alpane lever folk det gode liv, og du lurar på om heile vêrmeldinga er ei betalt reklame for Saga Solreiser. Ikkje rart at dei melder om fulle fly til Tunis og Costa del Bananas.

Nei, det einaste som er sikkert her i Sykkylven er at kommunen sender ut varsel om e-coli bakteriar i drikkevatnet, og då har folk drukke vatn i dagevis før prøvene vert offentleggjort, så redde sjeler trur at deira siste time er komen og legg seg bleike under dyna i påkomande tilfelle. «Betre føre var enn etter snar», som skrive står. Nei, fåren for ørkenspreiing i Tusvika er ikkje særleg stor, iallfall ikkje i Våtmyra. Dei som les gamle bøker, vil ha høyrte om ein gubbe som heitte Noa. Han kjende også til lavtrykk og ekstreme vêrmeldingar. Han bygde seg ein båt. Kva gjer vi? Bra at småbåthamna er så stor som ho er. Det gjeld begge sider av fjorden. Kjøper alle båt no, lyt vi møtast på midten....

Og det er bra at Sykkylven er i gang med å byggje djupvasskaier på Ikornnes og på Aursneset. Her kan bli mykje vatn, om dette får halde fram. Ting kan utvikle seg fort: Raskar dei ikkje på og fær opp dette storsenteret dei vil byggje i flomålet på Aure, er det berre eit tidsspørsmål før planane flyt vekk og vert erstatta av eit akvarium.

Til no har vi berre tenkt på det verdslege regiment. Saka har også ei åndeleg side. Presten vert nedrent av folk som vil kalle sønene sine for Noa, og det vert sagt at jentenamn som Atlanta Nordvesta Orkana igjen skal vere på veg inn. Eit lavtrykk til no, så druknar vi.

Nei, 2007 var det året det var så vått. Det var tett før bildørene våre trutna.

Det må vel snart kome ei forandring, trur optimistane. Anten får vi då sjå ei solstrime eller så vert det som han sa, mannen:

- Eg tru det er siste året 'anj tønnja!



Er vêret verre no?

Det er den gamle diskusjonen:
*Nokre synest somrane var betre før.
Andre meiner å hugsa at det var
kaldare om vinteren og at moderne
vintrar er grøne og milde.*

*Er det den globale oppvarminga som gjer det
eller er det berre at vi hugsar best dei varme dagane
om sommaren og silkeføret om vinteren. Manns
minne er svikefullt, men heldigvis finst det systema-
tikarar blant oss.*

*Ola Tandstad, bygdebokforfattar og bonde, not-
erte korleis årsvekst og avling hadde vore gjennom
femti år. I marginen skreiv han korleis vêret hadde
vore dette året. No kan du sjekke om drøymesom-
maren og fimbulvinteren du hugsar frå gamle dagar
faktisk stemmer med oppteikningane hans.*

1920: God vår og sommar.

1921: Kald og våt sommar og haust.

1922: Regn mest heile sommaren. Noko korn fraus
om hausten.

1923: Vått, kaldt. Snø ved jonsok.

1924: Mykje regn. Røytever om hausten. Ringt
høy.

1925: Turrver. God, varm sommar.

1926: Turr og varm vår og sommar. Noko våt
haust.

1927: God vår. Turr, varm sommar. Fin haust.

1928: Sein vår. Kald våt sommar. Regnfull haust.

1929: God vår. Regnfull sommar. Fin haust.

1930: Ynskjevêr heile året.

1931: God vår. Våt og kald sommar og haust.

1932: Tidleg vår. Våt og kald sommar og haust.

1933: Fin vår. Særs turt i mai - juli. Våt haust.

1934: Sein vår. God sommar. Fin haust.

1935: Sein vår. Varm, god sommar. Våt haust.

1936: Tørr vår og sommar. Varmt. Våt haust.

1937: Tidleg vår. God varm sommar. Fin haust.

1938: Regn heile mai. Våt sommar og haust.

1939: Fin vår. God og varm sommar. Noko våt
haust.

1940: Turr vår. Varm sommar, våt, kald haust.

1941: Turr vår og sommar. Frå juli regn. Våt og
kald haust.

1942: God vår. Særs våt og kald sommar. Fin
haust.

1943: Tidleg vår. Turr sommar. Godt haustvêr.
Makk i epla.

1944: Sein kald vår. Mykje regn. Varm juni og godt
haustvêr. Frå slutten av september mykje regn.

1945: Tidleg god vår. Framifrå godt sommar- og
haustvêr. Kronår.

1946: Tidleg god vår. Regn til 14. juli. Tropisk varme
i åtte dagar. Regn heile hausten.

1947: Sprengkulde i januar, februar og mars. 20
- 25 graders kulde i 8-9 veker. Opptil ein meter tele
i jorda. Alle vassleidningar fraus. Våren kom svært
seint og var turr og varm. Frå 1. juni til 13. juni
rikeleg regn, så sol og varme i to veker. August var
turrast og varmest i manns minne.

1948: Tidleg vår. Turr, god sommar. Våt, sur haust.

1949: Våren sein, våt og kald. Forsommaren kald
og våt, men varmare frå jonsok. Haustvêret var rett
godt.

1950: Tidleg vår. Heggen blømde 17. mai. Sist i
mai kulde, regn, hagl. 16. juli 25 grader. 31. juli
ein kraftig haglskur over bygda i ein time. God, fin
haust. Kronår.

1951: Sein og kald vår. Lite sommarvarme. Mykje
regn og skodde. Regnfull og sur haust.

1952: Våren kom høveleg tidleg, men sommaren
var kald og sur. Mykje nedbør, lite varme.

1953: Godt vokstervêr frå våren av. Fin, varm som-
mar. Fin haust.

1954: Vokstervêret var godt frå våren av. Høveleg
nedbør.

1955: Streng vinter med mykje snø. Våren kom tre
veker seinare enn vanleg. Streng vårknipe og

mange måtte slakte ned buskapen på grunn av mangel på for.

1956: Streng vinter, mykje snø. Særs sein vår. Sein slåttonn. Sur og kald haust, den verste folk kunne minnast.

1957: Vinteren streng med mykje snø. Våren våt og kald. Regn og skodde heile sommaren. Bra haustvêr.

1958: Noko mild vinter. Sein og kald vår, sein våronn. Bra sommarvêr og særs fint og godt haustvêr.

1959: Våren kom til normal tid. Sommaren varm og god med rikeleg nedbør. To veker regn sist i september. Seinare ekstra fint haustvêr. Snølaust til 6. januar 1960.

1960: Våren kom to veker tidlegare enn vanleg. Sommaren våt og kald. Finfint haustvêr. Første snøen kom julaftan og reiste andre juledag.

1961: Våren kom nokså seint og det kom mykje regn både vår og sommar.

1962: Våren kom tre veker seinare enn vanleg. Våt og kald vår og sommar. Fem dagar sol frå 10. juli.

1963: Svært tidleg vår. Fin og solrik sommar. God haust. Heile året det finaste vêret i manns minne.

1964: Sein kald vår, våt, kald sommar, sur, kald haust.

1965: Sein vår, god sommar, fin haust, kald desember, minus ti grader.

1966: Streng vinter. Masse snø. Sein vår, våt kald sommar. Fem dagar med sol.

1967: Streng vinter. Uvanleg mykje snø, sein vår, kald sommar.

1968: Sein vår. Kjøleg sommar, våt haust.

1969: Bra vår, lite sommarsol. Kjøleg haust. Masse snø om vinteren.

1970: Masse snø, Bra vår, god sommar, fin haust.

Kjelde: Ola Tandstad: Sykkylven i nyare tid, uprenta manus



Riksheimelva går kvit og skummande etter tre vekers regnvêr denne hausten. Men det har vore røytevêr tidlegare også.

Foto: Eldar Tandstad



Roald Solheim er rektor ved Hundeidvik skule. Her skriv han historia om skulen og sine pedagogiske forgjengarar og deira rolle som kulturberarar i lokalsamfunnet.

130 år med fastskule

Av Roald Solheim

A

rbeidet
for å
byggje
opp eit
godt

skulesystem er ein viktig del av kampen for demokrati og velstand her i landet. I Hundeidvik la dei stein på stein for å byggje kunnskap og kultur.

I 1536 vart reformasjonen innført i Noreg. Paven i Roma var ikkje lenger øvstkommanderande i kyrkja. Den dansk-norske kongen vart leiar i staden. Kyrkja hadde ansvaret for undervisninga.

Nøyaktig to hundre år seinare vart det vedteke at alle born i Danmark/Noreg skulle konfirmerast. Ein føresetnad for dette var at dei kunne lese.

Tre år etter kom "Forordningen om Skolerne paa Landet", og denne gav grunnlaget for systematisk undervisning. No skulle det skipast til skule for alle born, også dei på bygdene. Leseopplæringa tok sikte på at borna skulle kunne lese i Bibelen. Dess-utan måtte dei kunne biskop Pontoppidan si bok Sandhet til Gudfryktighet.

Hundeidvik og deler av Tusvik sokna til Hjørundfjord prestegjeld og kyrkja på Sæbø denne tida. Kvar preikesøndag rodde båtar fullasta med



Flyfoto frå tidleg på 1950-talet. Vi ser leikeplassen, gamleskulen og uthuset Bakanfor ligg lærargarden som kommunen kjøpte av Nygarden i 1917, med våningshus og driftsbygning. Vi ser at småbruket hadde stor frukt- og bærhage, potetreit og grønsak-åker. I fjøset hadde læraren kyr, kalvar, høner og ein gris. I skogteigane fann han brenneved. Småbruket var ei viktig attåttnæring for læraren og huslyden hans før og under andre verdskrigen.

folk frå Hundeidvik den lange vegen til og frå kyrkja på Sæbø.

I 1775 reiste prost Peder Nerem på visitasferd. Han skriv at fleire prestegjeld no var delte opp i «skolehold». Læraren underviste periodevis to dagar for veka. Til vanleg kom læraren rundt i alle skulehalda sine to gonger kvart år. Læraren underviste 33 veker i året.

Hjørundfjorden var fonnfårleg. Det hende at båtar vart råka og folk miste livet. Etter 1798 kom Hundeidvik under Sykkylven Annex i Ørskog Prestegjeld. Slik vart Hundeidvik ein del av Nordre Distrikt i Sykkylven, som også omfatta Tusvik og Ikorntnes.

130 år med fastskule



Framme frå venstre: Jarle Bjørkavåg, Arne Utgård, Brynhild Skåden, lærar Øyvind Skåden, Kari Skåden, Rannbjørg Urke og Ola Rotnes. Ståande frå venstre: Else Bueide (Eilertsen), Karin Utgård (Holen), Ole L. Utgård, Birger Myrseth, Else Karoline Tusvik (Gåsemyr) og Hildur Kurseth. Jentene har skjørt eller kjole, og gutane har kortbukse med langsokkar, eller knebukse – også kalla "nikkers". Skåden har kvitskjorte, slips, bukse med brett og tradisjonell brun lærarfrakk. Dei runde Harry Potter-brillene er no på moten att. Dei fleste borna har flotte heimestrikka jakker eller gensarar - med lange eller korte ermar. Slike nyttige strikkaplagg var populære julegåver. Biletet er frå 1953.

Låg status, låg løn

Lærarlønene skulle finansierast med ein ny ekstraskatt. Prost Nerem skriv at mange bønder var fortvila over dette. Dei dansk/norske kongane førte mange og dyre krigar. Krigane vart alltid finansierte ved stendig større økonomisk press på bøndene, som utgjorde over 95 prosent av folket. Og no kom det altså ein skatt til! Læraren fekk skulda. Han vart i si armod ståande som ein slags ufrivillig representant for futen.

Læraren var elles ofte ein kar som hadde ein kroppsfeil - og på grunn av denne ikkje kunne nytast til anna arbeid. Han var med andre ord ikkje ein fullverdig mann, slik samtida såg det. Og løna var lita - i byrjinga berre 10 - 14 fattige riksdalar. Læraren måtte sjølv krevje inn pengane. Han lukkast sjeldan heilt ut med dette. Prost Nicolai Astrup, som døydde i 1802, skriv at lærarane hadde ei økonomisk godtgjersle mindre enn det ein gardsdreng hadde.

Og det var ikkje rare greiene. Ei ulempe med den låge og usikre lærarløna var at fleire slutta så snart dei kunne finne ein romslegare leveveg. Til

dømes kunne læraren ta over heimegarden eller gifte seg med ei gardenkje. Lova sa elles at ein mann vart friteken for militærteneste dersom han hyrte seg som lærar eitt år. Nokre nytta seg av dette. Ei side ved saka var at desse lærarane slutta så snart plikttida var over.

Tilhøvet mellom skulen og heimane var ofte vanskelig. Barn var bra og naudsynt arbeidskraft og skulen vart eit hefte. Mange bønder såg på skulegonga som tøv og bortkasta tid, og dei heldt borna mykje borte frå opplæringa. Særleg meningslaust meinte mange menn det var at jentene skulle gå på skule. Dei skulle då likevel berre gifte seg, gå i fjøset, få barn og koke graut? Når det var viktige ting som føregjekk på garden, vart borna haldne heime for å hjelpe til. Og noko viktig var

det støtt: Sauer skulle sankast, klippast og slaktast. Ved skulle hoggast. Bær skulle plukkast. Kyr skulle gjæstast. Korn skulle skjerast, truskast og malast. Og dette forstod altså ikkje læraren? Dei fyrste hundre åra var lærararbeidet utan tvil eit klart lågstatusyrke.

Nokre lærarar

Salmund Olsen Strømme var fødd på Straume. Han var lærar i Nordre Distrikt. Men han tok over farsgarden på Straume, og slutta som skulemeister. Elling Monsson Hundeid var lærar ein bolk. I 1798 slutta han også, og vart gardbrukar. Presten Nicolai Astrup gav han eit godt vitnemål. Han hadde tent med «udmerket Flid og hadde Lyst paa Arbeidet». På grunn av svakt bryst og veik songrøyst kunne han diverre ikkje bli klokkar.

Ola Larssen Tjønnnes tok over etter Elling Hundeid. Presten skriv at han var «så vel opplyst i de fornødne Kunnskabe som de af en Landsby-skoleholder kunde efter Omstendighederne udføres, at han til denne Tieneste kan ertages bekvæm».

Med andre ord var dette ein kunnskapsrik kar. Torstein Hansen Ekornes var fødd i 1791. Han var også lærar her ei tid. Nils Peterson Fet, også kalla Skule-Nils, var fødd på Fet om lag 1790. Han var lærar i Hundeidvik. Så kjøpte han bruket Hjellbakken i Hatlemark, og budde der i mange år. Han vart ein flink gardbrukar og dreiv garden godt.

Karl Habostad var fødd i 1847. Det er litt interessant at den kanskje viktigaste sykkylvingen på 1800-talet kom frå Stranda! Karl Habostad kom til Sykkylven som omgangsskulelærar for Tredje Distrikt midt på 1860-talet. Han gifte seg i 1873 med Anne Oline frå Hansgarden på Erstad. Dei kjøpte småbruket Bøen på Ytre Ikornnes. Karl Habostad gjekk i fyrstninga frå krins til krins - ein periode i kvar grend - og underviste. Han hadde skulesakene sine i eit skrin i handa. I ein sekk, som han bar på ryggen, hadde han mat for heile veka. Ledig husrom var mangelvare. Han måtte sove der det fall seg. Vi veit frå folketeljingane at det ikkje var uvanleg at somme ungdommar sov i fjøset.

Mangel på skulelokale

Det var ikkje mange skulehus på bygdene i Noreg før 1860. Skulen måtte halde til i små, mørke, tronge og overfylte bustadhus kringom på bruka. Vi forstår at dette måtte vere vanskeleg for både læraren og elevane. I stoverommet skulle alt anna også gå føre seg parallelt med undervisninga. Kvinnene laga mat. Her kinna dei smør. Her karda og spann dei. Her vov dei. Her heldt bleieborna til.

På kalde og mørke dagar tok karane stabben, øksa og trearbeidet med seg inn i stova. Her laga dei skoty og selety, smidde tønneband, tinda river, laga skaft og sledar. Stova var også einaste tilhaldstaden for dei fattige som gjekk på legd frå bruk til bruk. Her sat dei eldre og dei uføre. Her fekk huslyden mat. Her kvilte dei. Her tassa gardsbikkja under bordet. Her mol kattane i glaskarmen. Ved den opne omnen var der kanskje eit kopplam eller to, ein grisunge eller kanskje eit morlaust kje. Opplegget var med andre ord maksimalt uheldig med tanke på konsentrasjon kring lese- og skrivekunst.

Tidene betra seg

Kring midten av 1800-talet betra økonomien i Noreg seg. Det var rike fiskeri langs kysten. Indu-

strialiseringa av England, og seinare USA og Tyskland, skapte marknader for norske varer og tenester. Tettstadane våre vaks. Dei også vart marknader for bøndene. Det store hamskiftet kom. Kunnskapsnivået hjå politikarane auka. Ein verknad av alt dette var at Noreg i 1860 fekk ei ny lov om folkeskulen på landet. Lærarane fekk betre løn. Motiverte og oppvakte folk tok til å søkje stillingane.

Den nye lova sa at det burde vere eit mål at det vart fast skule i alle krinsar. Somme stader leigde kommunen husvære til skuleføremål. Det var tvil laust ei betring, men inga fullgod løysing. Det store omskiftet kom fyrst då krinsane fekk eigne skulelokale. Bygginga av skulehus kom i gang i Sykkylven også.

Skule i «Uggatunet».

Skuleprotokollane viser at det fyrste skulehuset i Hundeidvik vart teke i bruk i 1877. Hundeidvikarane var som vanleg tidleg ute. Vi har eit foto av dette huset. Det stod i Utgard-tunet der fylkesvegen i dag svingar ned mot ferja. Dette skulehuset var ein lita og låg tømmerstove bygd på enkle og utette murar.

Huset var om lag 10 meter langt og kanskje 4-5 meter breitt utvendig. Rominndelinga var enkel og tradisjonell. Der var eit hovudrom (stova). I eine enden var det ein liten gang (døra) og eit lite kammer (koven) – kvart rom kanskje åtte - ni kvadratmeter? Huset hadde skorsteinspipe, så truleg var der omnar både i stoverommet og i kammeret. I stova ser vi føre oss eit langbord med tilhøyrande langbenkar. Der var det også eit digert skåp. Det veit vi frå protokollen.

Det vart stor lette for lærar Karl Habostad då det fyrste skulehuset var på plass i Hundeidvik. Han var kanskje sjølv pådrivar for prosjektet. No kunne Habostad undervise i stova utan at elevane vart uroa av alt anna. Frå no av vart det ombot i opplæringa. Praktisk tala alle borna i Hundeidvik lærte å lese og skrive. I tillegg lærte dei det som stod i Pontoppidan, i Bibelsoga, i Snorre og i Naturkunna. Og så lærte dei song då. Karl Habostad song ofte og mykje. Folk sa at det siste han gjorde om kvelden før han la seg, var å synge, og det var også det fyrste han gjorde om morgonen når han stod opp. Møtte du han i marka, song han. Dei som gjekk på vegen utanfor



Nyskulen i Hundeidvik. Hovudfløyen er bygd om lag 1960. Arkitekt var Karsten Oddmund Vik. Bygget er så godt teikna og så godt vedlikehalde, at det faktisk er betre i dag enn for 47 år sidan. Skulehuset har nybygg avdeling for SFO og dei yngste elevane, eiga EDB-avdeling med 20 PC-ar knytte til skrivar og Internett, fint skulekjøkken, boksamling med 2000 titlar, keramikkverkstad, idrettshall i gangfråstand, ballbinge med kunstgras på skuleområdet og kjekt uteområde med lang sklie, stor sandkasse, digert disse-stativ, tøff akebakke og eigen uteskule med basebygg oppe i utmarka.



Det aller eldste skulehuset i Hundeidvik. Biletet er teke i 1915. Krinsen hadde då fått seg nytt skulehus (Gamleskulen nede til venstre på biletet). Men den fyrste skulestova stod framleis. Vi ser at bygningen stod på enkle gråsteinsmurar. Storleiken på huset var om lag 10 x 5 meter utvendig mål. Huset var delt der vi ser skorsteinspipa kjem opp. Det var i hovudrommet (stova) at undervisninga gjekk føre seg. I nordenden av huset var det to små rom. Det eine var ein liten gang (døra). Det andre rommet var kammerset der læraren budde.

skulen, hørde den kraftige røysta hans når han øvde. Til å ta tonen hadde han eit enkelt streng-instrument som dei kalla salmodikon. Det er her i bygda enno.

Blandakor

Sommaren 1870 var karane frå Hundeidvik på notafiske ved Bjørke i Hjørundfjorden. Det er fire mil heimanfrå. Der fekk dei høyre rykte om at det skulle komme eit songkor til Grodås i Hornindal. Dei hoppa då i båtane og rodde straks heim til Hundeidvik, skifta klede og rodde tilbake til Bjørke, ein kjapp rotur på 8 mil. Så gjekk dei over fjellet til

Grodås og fekk vere med på den store hendinga. Då dei kom heimatt, vart Hundeidvik Blandakor skipa. Dirigent var sjølv sagt Karl Habostad.

Koret er eitt av dei eldste av sitt slag her i landet. Blandakoret er i vellukka drift framleis. Det øver i skulehuset kvar einaste veke, og er mykje brukt i ulike samanhengar.

Aktiv idealist

Karl Habostad og kona Anne hadde seks born. Jan Fredriksen, som er oldebarn etter dei to, fortel at dei eldste borna bar mat til faren frå Ikornnes og heilt til Hundeidvik to gonger for veka. Dei gjekk då utmarka forbi Sessvatnet og over Kolda. Karl Habostad hadde pålagt borna sine å gå myra ned mot Eidet. Det var mindre risiko for at dei skulle bli tekne av bjørn om dei gjekk der enn om dei gjekk råsa lenger oppe i skogen.

Kvar laurdag kveld gjekk Karl heim att til Bøen. Og kvar søndag rodde han til Aure. Han var kyrkjesongar, og sidan det var dårleg med orgel på Aure denne tida, var kyrkjelyden heilt avhengig av ein dugande forsongar. Var det uvêr på fjorden, og det var det stundom, då som no, var det ei råd å gå om Straumgjerde. Det var mogleg. Men det var ein marsj på mange timar. Då måtte han starte tidleg.

Karl var aktiv leiar i Hundeidvik Misjonsforeining, som han starta i 1888. I perioden 1880 - 1890 var han kommunerevisor. Han var også medlem av overlikningsnemnda og leiar i skulestyret. Lærar

Karl Habostad var ein god mann for bygda og for kommunen. Han var vel akta og hadde høg status i lokalsamfunnet. Vi ser at situasjonen hadde endra seg radikalt etter at 1860-lova kom. I 1884 hadde Karl og Anne den største inntekta i Sykkylven, på heile 850 kroner. Karl Habostad starta brann tryk delag i Sykkylven. Men kort tid etter dette brann diverre heimen deira ned til grunnen. Det tykte Karl var svært pinlig – så han betalte likså godt heile trykdesummen tilbake - avdrag for avdrag - over tid.

Karl Habostad var svært plaga av astma. Somrane oppheldt han seg gjerne i Nord-Gudbrandsdalen, som har eit godt klima for slike pasientar. Her møtte han menneske frå andre deler av landet. Dei førte samtalar, utveksla tankar og samla inntrykk. Karl Habostad vart diverre berre 51 år gammal. Kanskje hadde han kome frå Ikornnes i vått vêr, og var nedkjøld då han tok inn i det kalde kammerset i skulehuset? Han fekk i alle høve lungebetennelse. Karl døydde etter berre to dagars sjukelege. Det var i 1898. Kona døydde fire år seinare. Ein stor barneflokk stod utan foreldre, og Sykkylven hadde mist ein av sine beste menn.

Jakob Fredriksen, fødd på Fet i 1875, var også lærar. Han tok over skulegjerninga i Hundeidvik, Tusvik og Ikornnes etter at Karl Habostad døydde. Også han var ein mykje omtykt og dugande lærar. Jakob gifte seg i 1901 med Hanna Karoline, einaste dotter til Anne og Karl Habostad.

Skulehus nummer to

På 1890-talet kom ei ny lov som sa at det skulle vere leikeplass av ein viss storleik nær skulen. Den gamle tomta i Utgardstunet vart for lita. Dei måtte finne ny tomt. Det vart drøfta om skulehuset skulle flyttast, eller om det skulle byggjast nytt skulehus. Det vart vedteke at det skulle byggjast nytt. Bygginga tok til hausten 1901 og huset var ferdig i 1902. Skulehus nummer to vart bygt vel hundre meter nord for Uggaskulen. Det vart teke i bruk i 1902. Det låg der SFO-fløyen på dagens skulehus er.

1902-skulehuset, som mange kallar Gamleskulen, fekk skikkeleg mura kjellar. Vindkasta frå dalen kan vere kontante. Noko av det fyrste tilsynet gjorde, var å kjøpe jarnstag og ankre huset skikkeleg fast til grunnen. Hans Hovden fortel at skulegutane rekna det som eit karsstykke å entre etter desse

staga heilt opp til der dei var festa. Tanken om leikeplass var bra. Men det var direkte dårskap å nytte bra innmark til slikt. Sivert Gjævenes (f.1904) fortalde at krinsen dyrka poteter på leikeplassen då han gjekk på skulen før og under 1. verdskrigen.

Det gamle huset i Uggaren skulle seljast. Bastian Hundeide, bestefar til Bastian som lever no, var ein ivrig misjonsmann. Han fekk kjøpe bygningen i 1904 for 530 kroner. Før det eldste skulehuset var rive, vart det nytta til samlingssshus, mellom anna til juletreffestar. I protokollane er namnet Hundeidvik Forsamlingshus ofte nytta. I 1916 fekk Misjonsforeininga skøyte på tomta Fredheim, og same året vart Hundeidvik Bedehus bygt mellom anna av tømmer frå det aller eldste skulehuset. Det er litt kjekt å tenkje på at materialane frå eldsteskulen er i nyttig bruk den dag i dag.

I 1917 kjøpte kommunen eit småbruk av Nygarden, og bygde både hus og løe som læraren kunne leige. Etter dette budde læraren og huslyden hans her. I 1918 vart det vedteke å få inn elektrisk lys i det nye skulehuset. Det var ei viktig hending.

Lærar A. Lyshol var lærar i Gamleskulen i mange år. I juni i 1938 sa han opp lærarposten sin. Stillinga vart lyst ledig. Det melde seg då 64 søkjarar. I protokollen er det laga tabell som syner kor mange karakterar søkjarane hadde av kvart slag. Vi kan lese i referatet at «Efterpå forlangte Peter J. Myrset ordet og sa at han var blit opmerksom på en mand ved navn Øyvind Skåden, og bad om å få han opp på valgtavlen.» Øyvind Skåden vart tilsett, og var lærar i Hundeidvik heilt til midten av 1950-talet.

Behov for ny skule

Sjølv om Gamleskulen var ei stor forbetring samanlikna med fyrste skulehuset i Utgardstunet, hadde også dette huset sine sider. Klasseromet var for lite. Veggene var utette. Bygningen hadde utedo. Det låg i eit lite uthus tett ved. Ein kjeldeperson fortel at uthuset var delt i tre, eit rom for jentene, eit rom for gutane og eit rom for brenneveden. Under dei to toaletta stod det ei tid ei diger støypejarnsgryte. Ho var nesten to meter i tverrmål og rakk både under gutadoen og jentedoen. Kanskje var denne gryta ostegryta som hadde vore i bruk på meieriet på 1890-talet? Nøysemd og oppattbruk var viktig. Seinare kom det dodunkar som var lettare å tømme. Kvar det vart av den velbrukte ostegryta, veit ingen



I natur og miljø-timane er vi helst utandørs i det store klasserommet. Filosofien er at borna skal lære seg å bli glade i naturen, bruke han, og ta vare på han for dei som kjem etter oss. Biletet syner ein læretur til den gamle Sykkylvsbrua på Myrseteidet. Her fekk ei elevgruppe hjelpe til med å fjerne pas og krattskog, og på den måten få fram eit gammalt og viktig kulturminne. I tillegg lærde vi om pors, dvergbjørk, turt og krekling. I Sykkylvselva sym det kræ. Langs eleva har raudvengtrasten reiret sitt, og her jaktar måren på ekorn, fugleungar og skogsmus. Ikkje langt unna er Ulvsbakkane. I gamle dagar var her bjørn i lia austanfor. Då var det best å passe seg.

Skulehus nummer tre

Men utedo var og er usanitært. Flugene var flinke smitteberarar. Folk var levande redde for tuberkulosen som lenge herja i grendene. Dei store, enkle glasa og dei uisolerte tømmerveggene var utette når det bles og huset kunne vere kaldt når vinteren var på det suraste. Lærar Øyvind Skåden var medlem av kommunestyret. Ordføraren spurde han ein gong om det var slik at skulehuset i Hundeidvik var trekkfullt. «Trekkjen tilsvarar om lag eitt segels vind». svara Skåden. Dei som er sjøvande veit at det er sterke krefter i sving dersom det ikkje er råd å ha oppe meir enn eitt segl.

På midten av 1950-talet vart det sett ned ei nemnd med tanke på eit nytt skulehus i Hundeidvik. Leif Urke, Jakob Utgård og Johnny Myrseth var medlemmer. Arkitekt var Karstein Oddmund Vik.

Johnny Myrseth fortel at det var mykje styr før huset kom på plass. Men i 1960 fekk krinsen så eit moderne skulehus. Det nye skulehuset var eit stort framsteg på mange måtar. Salen var rimeleg stor og gjorde ei tid teneste både som forsamlingshus og idrettsrom. Her var det elektrisk oppvarming. Her var det varmt og kaldt vatn i springane. Her var det dusjar og moderne WC. Huset var faktisk så bra teikna og så solid bygt at det er like godt i dag, snart femti år seinare.

Dugnadsbygda

Så kom grasbana til Hundeidvik Idrettslag i 1972 og Grendahuset i 1976.

Skulen fekk etter kvart kroppsøvingslokale i Grendahuset. Men bygdevegen var ein bratt og farleg skuleveg vinters dag. Mange bilar miste grepet på glatt føre. Det vart så bygt gangveg mellom skulehuset og grendehuset. Torkjell Utgård, Kristian Nordstrand og Ole Myrseth var velvillige og let til vegggrunn. Dette var viktig. Før den tid var vi livredde for borna i periodar med glatt vegbane.

I 1996 kom SFO-bygget. Så kom basebygget til uteskulen, som tvillaust er eit av dei likaste på Sunnmøre. Torkjell Utgård stilte grunn til disposisjon.

Vetestova på Hovdeåsen må også nemnast. Ho er bygd på skuleplassen på dugnad av bygdefolket, og seinare transportert til Åsen med helikopter. Skuleborna fekk sjå laftekunst på nært hald. Stova er ein tru kopi av den originale vetestova på Ulvedal i Stryn. I vetestova på Hovdeåsen får elevane årvisst undervisning om norsk historie og kultur. Det er såleis eit komplett skulekompleks vi har i Hundeidvik i dag. Og det er heilt naudsynt. Bygda veks raskt. Talet på elevar er sterkt aukande. Det er ungdommane som kjem attende til bygda. Det blir bygt fleire bustadhus i krinsen kvart einaste år. Grunneigarane har lagt til rette for det. Her er godt om areal og her er det framleis fine tomter med panoramautsikt mot Sunnmørsalpane rimeleg til sals.

Det aller siste prosjektet for bygdefolket er ballbingen på skuleplassen. Også denne er bygd på dugnad. Ballbingen blir brukt flittig i friminutta, i kroppsøvingstimar og etter skuletid.

Trivselsbygda er ikkje til å ta feil av.



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er journalist i Sunnmørsposten. Artikkelen byggjer på opplysningar frå historikaren William Champton og frå Jarle Tusvik og Kjellbjørn Tusvik.

Skipbrotet på Varfluda

Av Kjetil Tandstad

Alesunds Tidende fortæller som et Kuriosum, at en Del av de ombordværedne umiddelbart efter Paasætningen bleve grepne af Forskrækkelse og Frygt for Liv og Lemmer ved synet av flere bemandede Baader, der nærmede sig Fartøiet. Man maa ha forstillet sig at være faldne blant enslags Anholtianere paa samme vis som salig Paars. Sammenhengen blev dog opklart til almindelig Tilfredshed i det Øieblikk Handelsmanden i Tusvik, en gammel Saltvannssoldat, paa godt Engelsk kunde forklare de Skibbrudne at de formodede Piratere og Røvere kuns var hjælpssomme Brødre fra de omliggende Gaarde". (Bergens Tidende 17. juli 1876.)

Folkefantasien har brodert mykje på historia om då den britiske luksUSDamparen "Argo" gjekk på grunn på Varfluda ved Tusvika for vel 130 år sidan.

Dei skipbrotne skulle ha vore skrekkslegne då bygdefolket kom til hjelp og skal ha trudd at dei ville plyndre skipet. Historia om korleis rike turistar fraus og leid vondt i ei løe utover vinteren har også levd frodig på folkemunne i Tusvik og Hundeidvik.

Historiene vart avdramatisert ein heil del etter at ein britisk historikar gjekk hendingane i Tusvika høgssommar i 1876 etter i saumane. Både den faktiske historia og dei overleverte historiene seier ein heil del om kor isolerte lokalsamfunna var og for eit storhende det var å få framande rikfolk i land i grenda si på denne tida.



Varfluda er i dag forskriftsmessig merka. Slik var det ikkje då "Argo" kom på besøk. Foto: Bjørnar Tusvik.

Cruisepioner

Eit kvekarskip på misjonsferd som blant anna kom til Geiranger i 1869, har vore rekna som starten på cruise-trafikken på Geirangerfjorden.


Dampskipet som stemnde inn Storfjorden sju år seinare, var også eitt av dei første langvegsfarande lystfartøya på våre kantar. Skipet var den private yachten til den mektige reiareren og handelsmannen Alfred Holt frå Liverpool. Historikaren William Champton er sjølv etterkomar etter den kjende reiarfamilien og har interessert seg mykje for denne mektige familien i Liverpool. I sommar tok han turen til Sunnmøre og Sykkylven for å

finne ut meir om lagnaden til "Argo". Han vart guida rundt av Kjellbjørn Tusvik og Jarle Tusvik og har overlate dei eit rikhaldig materiale av bilete og kopiar av notat skrivne av reiareren Alfred Holt sjølv, søstera Anna Holt og Hester Emily Holt, som alle var med på turen til Noreg sommaren 1876.

Lysttur

Det skulle vere ein behageleg tur i vakkert sommarvêr for å oppleve storslått natur og møte med dei enkle naturmenneska som budde langs norskekysten. Skipet som Alfred Holt let byggje var eitt av dei mest moderne på den tida. Alfred Holt var ikkje berre ein stor skipsreiar, han dreiv også stort i bomullshandelen og skaffa råvarer til den blomstrande engelske tekstilindustrien. I tillegg til å vere eit privat lystfartøy, skulle skipet også bli brukt til opplæring av sjøfolk for reiarlaget The Blue Funnel Line – eitt

Skipbrotet på Varfluda



Dampskipet "Argo", bygd 1875, var 208 fot og med ei marsjfart på 11 knop.

av dei største i sjøfartsnasjonen Storbritannia på den tida.

Familieutflukta med det nye skipet gjekk først til Hebridane, Isle of Man, Shetland og deretter vidare til Bergen. Det var 16 passasjerar om bord. I Bergen tok skipet los om bord. "Eg vart fortald at han var den beste losen i Noreg og at hans einaste feil var ein aldri så liten brest i karakteren når det galt edruskapen. Men sidan vi hadde kontroll over drikkevarene, brydde eg meg ikkje", skriv reiar Alfred Holt i sine notatar.

"Drontheim"

Skipet gjekk nordover langs kysten og var framme i Trondheim på 26 timar. Utanom katedralen, var det lite å sjå her i "Drontheim", meinte reieren. Men det var heilt lyst ved midnatt og vi såg sjølve sola klokka kvart på to om natta, skriv han i dagboka.

Etter å ha opplevd naturen og byen Trondheim i vakkert vêr og lyse netter, gjekk skipet sør- over igjen. Dei var innom Kristiansund, Molde og Veblungsnes før skipet stemnde inn Storfjorden. Passasjerane let seg imponere av fjella og fossane langs Geirangerfjorden. Om kvelden ankra dei opp ved Hellesylt. Der kom det nokre bønder om bord og song for dei prominente gjestene.

Neste morgon, 10. juli klokka halv sju, siglde dei

utover fjorden igjen. "Klokka 10.15, ein vakker, roleg, solfylt morgon med vatn som glas, støyte skipet, med ei fart på tolv knop, hardt og raskt på eit undervassskjer med om lag ni fot vatn over; vi var i Stor Fiord beint overfor og om lag 3/8 sjømil utanfor ei lita bukt som vart kalla Narvik (Nordvika) og om lag 3/4 sjømil frå den meir kjende staden Tusvik, mellom inngangen til Sukelven og Jørund Fiords.

Undervassskjer

Losen var fullstendig edru og oppmerksam, han og kaptein Jackson var på brua og ingen forsømde seg eller gjorde nokon feil, reint bort sett frå at losen ikkje burde teke på seg å føre eit skip i eit farvatn han ikkje kjende.

Eg går ut frå at skjeret ikkje var allment kjent anna enn kanskje blant lokale fiskarar i fjorden. Sjølv sagt sa alle etter skipbrotet at dei visste om skjeret, men eg trur dei ikkje. Ein samtale eg hadde med ein annan los viste at også han hadde ganske vage tankar om kvar skjeret låg.

Det var ein ugløymeleg grunnstøyting, to ulike kraftige smell med tre til fire sekunds mellomrom. Etter den andre smellen som ramma midtskips stod skipet fast og la seg over på babord side. Dekket hella så kraftig at det var vanskeleg å gå på det.

Etter ein augneblink med stort oppstyr, men då vi merka at skipet var stabilt kom motet tilbake, kvinnene vart sette i land straks, deretter mennene, tenarskap og kokkar og deretter bagasje og utstyr og klede, alt i eit forferdeleg rot. Dette vart gjort fordi vi frykta at skipet skulle gå ned. Alle oppførte seg bra og gjorde sitt beste og etter ein time eller to og oppstyret hadde gitt seg, steig humøret hos jentene og dei tok til å sjå det heile som eit piknikselskap", heiter det i dagboka.

Flatseng


Passasjerane vart sette i land utan stor dramatikk. Første natta overnatta dei i ei løe i Nordvika. Golvet vart feia og det vart laga til flatsengar.

Dagen etter vart dei fleste passasjerane sende med båt til Ålesund og vidare heim. Nokre av karane, blant dei reieren sjølv, vart att for å ta seg av skipet. Dei budde hos den gamle sjøkapteinen C. L. Lied på handelsstaden Tusvik og fekk det beste stell av dei to flinke døtrene hans, Marie og Lovise. Spesielt Lovise skal ikkje gløymast, skriv reieren. Ei kort, aktiv, smilande jente på nokre og tjue år. Ho rodde båten, bar bagasjen, kokte maten vår, tørka kleda våre, reidde opp sengene og gjorde alt ho kunne for oss. Trass i at vi ikkje kunne eit ord av kvarandre sitt språk, vart vi gode vener. Eg kjenner meg ikkje trygg på at alle auge var tørre då vi tok avskil, skriv Holt galant.



Ein liten del av porselenet frå "Argo", med maritim dekor, attfunne på Varfluda. Foto: Bjørnar Tusvik.

Det viste seg at lekkasjen stort sett hadde kome i maskinrommet. Skipet fekk slepebåt og dykkar frå København. "Argo" vart midlertidig reparert og slepa til Ålesund 21. og 22. juli. I månadsskiftet var skipet teke under slep til eit verft i Bergen og 7. august var "Argo" tilbake i Liverpool.



Ankeret frå "Argo", slik det ligg på Varfluda den dag i dag. Foto: Bjørnar Tusvik.

Biletkavalkaden 2007

Tradisjonen tru har årboka også i år plukka i Sykkylvsbladet sitt bilearkiv. Her følgjer eit lite glimt av det som har skjedd i bygda siste året.



Året starta med dunder og brak, då bilferja Aure gjekk i fjøresteinane i Hundeidvik i nitida om morgonen fredag 12. januar. Ferja vart dregen av grunn på flo sjø klokka 12. Det heile føregjekk utan dramatikk, skreiv Sykkylvsbladet i reportasjen frå hendinga. (Foto: Monica Aure)



No er vinteren her! jubla desse smårollingane ved Tryggheim barnehage i slutten av januar. Det hadde vore ein snøfattig vinter, men no var snøen endeleg komen. På biletet kan vi sjå Tone Helen Brunstad (frå venstre), Laila Karin Vatne, Simen L. Brunstad, Jenny Aurdal, Katrine Ramstad, Sakarias Tafjord og Anne Sofie Tanghe. (Foto: Monica Aure)



Bluesbandet Woodleg Odd vart tildelt Sykkylven kommune sin kulturpris for 2006 i år. Det var ordførar Jan Kåre Aurdal (til venstre) som stod for utdelinga av prisen. Dei tre musikarane er Odd Ludvik Lie, Arne Moe og Frank Willy Utgård. (Foto: Ole Jostein Fet)



I midten av februar var det duka for sildedag på Velledalen grendahus. Det var tredje året på rad bygdefolket fekk forsyne seg med ulike silderettar frå det velfylde matbordet. Meir enn 220 personar var innom dørene for å smake på tradisjonsmaten. (Foto: Monica Aure)



Sykkylvsalpinisten Lars Kristian Hjelseth vart teken imot som ein helt då han i byrjinga av mars gjekk heilt til topps i slalåm under NM for 12- og 13-åringar, eller Landscupen som rennet offisielt heiter. Ein stor velkomstkomite tok godt i mot den nye norgesmeisteren då han kom heim til Sykkylven sundagskvelden 11. mars. (Foto: Monica Aure)



Under fylkesmessa for ungdomsbedrifter i mars vart Eleptic UB frå Sykkylven vidaregåande skule og Ålesund vidaregåande skule kåra til fylkets beste ungdomsbedrift. Seinare på året vann ungdomsbedrifta NM, og representerte såleis Norge under EM i Berlin i slutten av juli. På biletet ser vi Pål-Are Hareide, Andreas Kjølås og Ole Even Heggem frå Sykkylven vidaregåande skule. (Foto: Monica Aure)



Matros Øystein Sjursen frå Ikornnes var mellom dei sju som berga livet då ankerhandteringsfartyet "Bourbon Dolphin" kantra nordvest for Shetland i midten av april. Skipet hadde eit mannskap på 15 då katastrofen skjedde. Åtte personar miste livet i skipsulukka. (Foto: Frank Kjøde)



I alt 64 unge løparar i barneskulealder deltok i det aller første Mini-Konradløpet, som vart arrangert dagen før det tradisjonelle Konradløpet 1. mai. Det var stor idretts glede og full innsats frå start til mål, då dei unge løparane sprang rundløypa på Brunstad i fineveret siste dagen i april. (Foto: Ole Jostein Fet)



Jan Gunnar Bakke fann eit flintstykkje i jorda på sætrevollen på Sunndalen, då Aure-karane hadde besøk av arkeolog Kristian Dahle frå Oslo. Same dagen fann arkeologen ei stor og fleire hundre år gamle tjøremile like ved Auresætra. (Foto: Ole Jostein Fet)



Seks år gamle Annbjørg Hjelmevoll var ein av dei mange seksåringane som byrja på skulen i august. Her ser vi henne ein av dei siste dagane før skulestart ved skulen henner i Ramstaddal. Her saman med pappa Frode og mamma Monica. (Foto: Ole-Ottar Høgstavoll)



Caroline Harstad og Ragnfrid Aamodt kom vel heim etter å ha gått Norge på langs. Jentene starta på Lindesnes 26. februar og var framme på Nordkapp 18. august. Her ser vi dei to finpynta jentene i midten saman med foreldre Bodil Kulseth Harstad (frå venstre), Arne Harstad, Hildur Lillevik og Finn Aamodt. (Foto: Monica Aure)



Siste helga før kommune- og fylkestingvalet var det politisk debatt på Aure i regi av Sykkylvsbladet. Frå venstre kan vi sjå debattantane Eldar Høidal (SV), Steinar Johan Bakke (Ap), Jostein Drotninghaug (Sp), Arne Bakkedal (V), Jan Kåre Aurdal (KrF), Petter Lyshol (H) og Olav Harald Ulstein (Frp). Heilt til høgre ordstyrar Frank Kjøde. (Foto: Åge Eikrem)



Etter at Fønix opna i sommar har det vore mange aktivitetstunder i lokala, der unge og eldre kan møtast til felles gjeremål. Her viser Helge Ekornåsvåg (til venstre) i Sykkylven jeger- og fiskeforening korleis ein skal binde ei fluge. Syver Aure Torvik følgjer spent med. Seinare fekk han binde si eiga fluge, som fekk namnet "Syverfluga". (Foto: Ole-Ottar Høgstavoll)



Kai Løseth, fødd 1945, er overlege ved Ålesund sjukehus og bur i Ålesund. Han er fødd og oppvaksen på Løset i Ramstaddalen.

Hilmar frå Heimre Hjellevang

Av Kai Løseth

Hilmar

Ei moderne helleristing ved Løsetsetra er hundre år. Bak den vakkert utforma skrifta i sandsteinen, har artikkelforfattaren funne eit menneske og ei historie.

Løsetsætra i Ramstaddal ligg ca to kilometer i sørleg retning frå Løsetgarden. Tidlegare var det berre ei smal rås som førde opp til sætra. Men for nokre år sidan vart det opparbeidd traktorveg nesten til sætra, slik at det no er lett å kome seg dit.

Namnesteinar

Like før ein kjem til sela finn ein to namnesteinar. Den eine ligg i jorda like ved råsa, den andre er oppreist som ein del av stølsgarden. På steinen som ligg ved råsa er der fullt med innrissa namn. Eitt av dei som skil seg ut, og som alltid har fanga interesse hjå meg, er dette:

H.H.H. 17/7 1908

Gjætar paa Løseth

1907 = 08

Hilmar H. Hjellevang

Nordalsgut Ytterdal

Kven var så denne Hilmar?

Det eg høyrde i oppveksten var at han var frå Norddal, at far hans døydd medan borna var små, og borna måtte tidleg ut i teneste. Seinare omkom han på sjøen.

Eg har sett for meg denne guten som ligg på marka og ripar i namnesteinen med ein spikar, og dermed sette spor etter seg som no har vart i 100 år – og som kanskje får vere i fred nokre år til.


Tidleg i teneste

Etter å ha snakka med nære slektningar av Hilmar, og lese i ættesoga for Norddal, har eg funne ut litt meir: Hilmar var frå Hansplassen på Heimre Hjellevang, fødd i 1894. Faren, Hans Magnus Magnussen Løvold døydd i 1898. Mora, Marta Olsdr. Veiberg, døydd i 1941. Dei hadde sju born, seks gutar og ei jente.


Hilmar var nest yngst. Han var flink å teikne. Då faren døydd, måtte familien gå frå garden. Familien flytte til Ytterdal, der mora var i frå. Borna måtte tidleg ut i teneste. Tre av brørne emigrerte til USA, mellom dei Hilmar, i 1923. I USA kalla han seg for Hilmar Hansson. Han var blant anna i Alaska. Han dreiv med fiske og også gullgraving. Han vart gift med ei svensk kvinne, men dei hadde ikkje born. Hilmar omkom under fiske i California i 1943. Han vart hengande fast då nota gjekk i sjøen, og dei fekk han ikkje opp att før det var for seint. Broren Johan var mannskap på same båten då ulykka skjedde.

Skjønnskrift

Om nokon tek turen til Løsetsætra og ser på namnesteinen - sjå på kor fint det er skrive med skjønnskrift. Då Hilmar ripa inn dette var han 14 år. Sjølv om det er ein sandstein som er forholdsvis mjuk å ripe i, må jobben ha teke mange timar. Det fortel også at det ikkje berre var arbeid heile tida. Dei store rovdyra var stort sett utrydda ved hundreårskiftet. Siste gong bjørnen drap dyr i Løset si sætremark (ein bukk), var i 1880-åra. Derfor kunne nok gjætarane slappe meir av.



Hilmar H. Hjelle måtte tidleg ut å tene og emigrerte seinare til Amerika. Ein mjuk sandstein har lokka mange til å skrive namnet sitt på vegen opp til Løsetsetra. Foto: Kai Løseth



Med sikker formskrift skreiv den 14 år gamle gjæstarguten Hilmar H. Hjelle namnet sitt i steinen. Foto: Kai Løseth



Hilmar H. Hjelle

Florence Kimanzi Tandstad, født i 1967, kommer fra Kenya og flyttet til Sykkylven for to år siden. Hun bor på Riksheim, har jobb på Ekornes og tar språkundervisning i regi av voksenopplæringscenteret.



Å bli innvandrер

Av Florence Kimanzi Tandstad

Innvandrер

For to år siden flyttet jeg til Norge, og Sykkylven. Jeg vet egentlig ikke hva jeg forventet det skulle bli å bo her, men det jeg har opplevd, er absolutt noe å skrive hjem om!

Selvfølgelig forventet jeg at været var forskjellig. Sånn ble det, og litt mer! Jeg visste at det var kaldere i Norge enn i landet mitt, men hvor kaldt hadde jeg ingen anelse om.

Jeg husker en dag i januar 2006. Jeg satt inne i klassen på voksenopplæringscenteret og det var så kaldt, særlig på føttene mine! Se, jeg hadde dårlige klær, sokker, sko... Nå vet jeg at det ikke finnes

Mange jobber

Her i Sykkylven har jeg blitt overrasket av hvor mange jobber det finnes på et så lite sted! Det er ingen problem å få en jobb hvis man ønsker det. Jeg vet at enkelte er uten arbeid men de fleste har en eller to jobber.

Det er også mange innvandrere og utlendinger som har fått jobb her, for eksempel meg. Mange fra Øst-Europa har flyttet hit for å få jobb og har kjøpt hus, osv. Jeg synes at Sykkylven er et bra sted å bo på grunn av de mange fabrikkene som gjør det mulig for mange å ha en god jobb, tjene bra og ha et godt liv.

I de to årene jeg har bodd her, har jeg blitt kjent



Landskapet hjemme i Kenya er ganske forskjellig fra Sykkylven...



Det samme er dyrelivet. Foto: Kjell Per Tandstad

dårlig vær i Norge, bare dårlige klær og sko! Det var min feil at jeg ble så kald. Nok om vær.


Jeg har blitt forelsket i naturen her, den er så vakker. Jeg hadde aldri sett vakrere natur før jeg kom hit. Det er fjell, fjorder, elver, skog..., akkurat som på et julekort! Jeg liker ikke snøen, men i fjor var det så masse snø. Det så ut som et eventyr.

med noen fine mennesker, særlig de gamle som jeg treffer ute på gatene eller på bussen. De gamle er alltid snille og nysgjerrige på meg. De vil gjerne snakke med meg og invitere meg hjem til kaffe eller noe annet. Jeg inviterer dem også til kake og te og vi pleier å ha det fint sammen. Det er hyggelig å snakke med dem og fortelle om landet mitt og kulturen. Jeg lærer masse om nordmenn generelt, og sykkylvinger særlig.

Kompiser

Jeg har lært masse av dem og noen har blitt gode kompiser. Derimot er det ikke lett å bli kjent med folk her i Sykkylven. Mange liker å holde avstand til utlendinger, tror jeg. De unge er rett og slett ikke interessert i å bli kjent med andre folk fra forskjellige kulturer.

Når man har få eller ingen venner eller venninner, kunne det hjulpet masse om det hadde vært flere steder å gå ut. For eksempel, hvis det hadde vært mer kafeer, kino, osv, kunne det vært lettere for utlendinger. Nå må en gjerne reise til Moa eller Ålesund.



Landskapskontraster: Kenya - Sykkylven





Jostein Drabløs er pensjonert lærar og har gjennom mange tiår interessert seg for profiler og lagnader frå Sykkylven i tidlegare år. Han har gjort ei lang rekkje lydbandopptak med eldre menneske og sikra eit rikt materiale for ettertida.

Om Gamle-Lars Peter

Av Jostein Drabløs

Gamle-Lars Peter

Lars Peter Olsen Fet (1826 – 1913)
Etter lydbandopptak frå 3. januar 1985
med Peter P. Fet (f. 1900) i Nilsgarden,
gjort av Jostein Drabløs.

”Eg hugsar han Gamle-Lars Peter frå den tida eg var ein smågut. Han døydde då eg var 13 år. Lars Peter budde her i Nilsgarden. Det var no han, onkel Lauritz og eg som for ikring her. Lauritz var fødd i 1897 og eg i 1900. Gamle Lars Peter likte å snakke med oss smågutane. Av og til var vi no borti å terga han me’. Men han var i grunnen ”svære” med oss når ein tenkjer på kor gamal han var.

I fjøsen var ha mest dagstøtt og moka for kvinnfolka. Dessutan stod han mykje i skotet og hogg ved. Alltid lødde han opp veden i fine lad. Kvinnfolka tok av beste veden sjølv om den låg inst. Han Lars Peter var ikkje så go’ på dei då. Slik åtferd likte han ikkje. Men han ville fole gjerne hjelpe folk trass i høg alder, og han dreiv på jamt med sånt som han greidde å gjere.

Gamle-Lars Peter var allsidig. Det var no han som bygde dei gamle Nils-husa, med god hjelp av han Unge-Lars Peter. Dei bygde både stove og løe, som no er nedrivne. Han Gamle-Lars Peter gjorde mykje her på garden på den måten. I gamlestova vart det halde omgangsskule til 1890.

Trondheimshandel

Han Gamle-Lars Peter var mykje ute og reiste og han begynte tidleg med trondheimshandel. Så vidt eg veit var han sjølv med jektene til Trondheim eit par gonger og henta såkalla byvarer. For det meste fekk han nok sendt varene med jekter hit ned.

Her var mange jekter som sigla til Trondheim med bondevarer og som returnerte med såkalla byvarer. Somme dreiv med bytehandel å kalle. Men han Gamle-Lars Peter ville selje varene for pengar.



Snepperten er det einaste som er att etter Gamle-Lars Peter i Nilsgarden på Fet.

Folk kom frå heile bygda for å kjøpe varer som han hadde henta heim. Det var jamt smått med pengar mellom folk, og den godslege Lars Peter let kjøparane ta med seg varene heim. Det vart fortalt at folk kunne seie: ”Øss finst no me’ kirkjinje”. Då pla han Lars Peter svare: ”Ja, snakk ikkje om det”.

Dermed kom mykje av det der i gløymeboka. Over heile bygda var det folk som skulda han pengar. Så det heldt no på å gå heilt gale med både han Lars Peter og garden. Den store gjelda laut både han Gamle-Lars Peter og Unge-Lars-Peter slite med heile livet. Det var ein mann ute i bygda som kausjonerte for han Gamle-Lars Peter, og denne mannen tok pant i både gard og hus. Langt om lenge vart alt løyst ut og Gamle-Lars Peter kom seg i gjenne att.

Feriefolk

Då han Gamle-Lars Peter hadde fått opp nyehusa, budde her nokre byfolk med han den fyrste tida. Dei heldt til i fremstekammerset, og dei måtte gå gjennom storstova.

Ein dag sat byfolket og åt ein graut som var så svart på farge at han Gamle-Lars Peter lurte på "kva i bøvelen dei ha' ti seg". Det viste seg å vere blåbær-graut, som sikkert var svært god. Men husbonden var ikkje van med slik graut.

Bygdedokter

Gamle Lars-Peter likte godt å reise. Han fór bygda rundt stadig vekk. Då virka han som ein dokter for heile bygda. Han hjelpte folk med sår, svollfingar og liknande. Denne lekmannen vart etter kvart flink til å doktere sår. Dei som trong legehjelp, reiste helst til distriktslegen på Sjøholt. Ein og annan som ikkje vart frisk, kom gjerne til han Gamle-Lars Peter. Han brukte å seie: Dokterane vil drive svollane inn, men e' vil drive dei ut!

Han la på svære drag for å drive dei ut. Folk pla verte go'att etter behandlinga, så han Gamle-Lars Peter fekk god tiltru for sånt arbeid.

Årelating

Eg hugsar vel frå mine gutedagar at det kom folk til gards som ville bli dokterte. Det galdt ikkje berre svollar. Somme kom og for å bli årelatne. Det var helst eldre som hadde tru på denne behandlinga.

Eg hugsar at dei pla sitje attmed senga i storstova, og han sat og småbanka på sneppten (ein liten krumma og kvass kniv). Brått stod blod-spruten bort over golvet. Som sagt, det var helst eldre som kom og fekk gjort dette, for dei hadde sånn tru på årelating, nesten same kva som feilte. Pasientane fekk etter kvart nytt blod seinare.

Etter behandlinga ropte han på kvinnsfolka at dei måtte kome med band og surre rundt. Der ser vi, han Gamle-Lars Peter hadde "kontorassistentar".

Sårbehandling

Eg hugsar ein gong det kom ei gamal kone uta' Stavestranda. Ho hadde vore av stad og hogd lauv til krøtera. Dermed hadde ho fått ei grein rett ned i hovudet. Resultatet vart eit stort, blødande sår.

No ville ho at han goffar, som vi til dagleg kalla han Lars Peter, skulle sjå på såret. Jau, han ville no doktere såret, sa han. Vevstolen til kvinnsfolka stod i romet. Han goffar sette henne opp i vevstolen og la henne framover veven. Deretter rispa han seg ei tynn stikke av eit hardt tindetre. Så kvesste han

godt denne flisa og sette i gang og gjorde såret reint, fekk vekk skurve og alt sånt. Og såret vart reint. Kona skreik og bar seg fordi det var låkt. Men ho tolde det no så vidt.

Så smurde han på noko medisin som han sjølv hadde laga til. Han stakk eit elleranna ned i glasaset og klinte i det opne såret. Det var fole kor ho bar seg, kona. Men ho vart heilt god att, og det tok ikkje så lang tid heller. Likevel sa denne kona seinare at ho aldri meir ville fram åt 'nå Nils-Lars Peter.

Det var fleire liknande tilfelle. Han goffar dokterte dei, og alle vart go'att. Det frettet over heile bygda, og mange sende bod etter han. Gamle-Lars Peter som likte å reise, for alle stader rundt i bygda for å hjelpe folk. Han gjekk alltid og likte å fare hit og dit så han fekk prate med folk.

Seinare år

Etter at han vart gammal og somme tider lurte på kva kan skulle ta seg til med, kunne han ha på seg reisekledd og gå over Fitjabrua og bort på bygdevegen. Der vart han ståande eit bel og spekulere. "Eg hadde trongda å fare både framitte og utitte", sa han til seg sjølv.

Gamlekaren vart borte heile dagane. Men han låg aldri vekke og ha' seg alltid heim att. I grunnen var han fole "storbedde", for han var så unnseleg og ville ikkje leggje seg inn på folk. Det var knappast han ville inn i hus og få seg mat. Han Gamle-Lars Peter tok aldri betaling når han hadde doktert folk. Han var så godsleg av natur. Men han likte at folk let vel over han.

Truskemaskin

Han goffar var slik at han ville prøve alt mogleg og han var den fyrste her som fekk seg truskemaskin. Vasshjulet stod like ovanfor husa våre og det dreiv snora som gjekk rett inn på låven der truskemaskina stod. Folk kom frå heile bygda for å sjå korleis det gjekk føre seg. Og hans Lars Peter demonstrerte vedunderet. På den måten var han svær.

Han goffar var fødd, og oppvaksen i Fitjagarden. I utmarka var han så god kjend at han visste om kvar ein bytestein mellom alle dei smale skogstegane. Når nokon ikkje fann bytesteinane sine, var det berre å spørje han Gamle-Lars Peter.

Fangstmann

Gamle-Lars Peter og Ole i Jørngarden på Fet var nokså nær jamaldringar, Lars Peter levde i tida 1826 - 1913 og Ole frå 1823 -1906. Dei to fitjaka-rane la ut gilder (ordboka: ei gildre) og tok to bjørnar i Valljamarka, er det fortalt. Dei drap óg ein bamse med slikt sjølvskot på Gjævenes.

Han goffar tok óg ei mengd røvar (ordboka: revar), og han lærte opp andre i å drepe villdyr. Eg hugsar godt kor han reiste ut til han Klaus på Vik for å lære han korleis han skulle leggje ut glyfse (ordboka: glefse) for å fange røv. Han åtte mange reveglyfser, og han brukte og spesielle glyfser til å fange slenter (oter).

Til slutt vart Gamle-Lars Peter for gammal til å bruke alle desse glyfsene. Men dei vart no liggjande her på garden. Når det kom framandfolk til gards, ville han Gamle-Lars Peter syne korleis han brukte dei. Han la dei då ut over stovegolvet og spent dei ut, og det var eit kraftig spenn. Så pirka han borti låsen med eit kvart. Glyfsene smekka i hop med ein skarp smell og spratt høgt til vers.

Her var smedar som smidde desse glyfsene. Det var mange sortar. Når han goffar vandra i marka og såg ein røv, trua han med knyttnevet etter udyret og ropte: "Du skal bli min!"

Slenterglyfsene sette Gamle-Lars Peter ut i marka der det var åkomer som ikkje fraus. Røveglyfsene sette han andre plassar. Til åte brukte han gjerne skjemt kjøt av dyr og høns. Ovanfor løa noko var vi kalla røythuset, der han ha ei oppmura helle. Når han ville at åta skulle rotne, kasta han den under hella slik at den låg til det tok til å lukte. Det var om å gjere at åta lukta sterkt.

Kraftkar

Han goffar var traust og sterk. Når det var bryllaup og mykje øl og kjekkasar ville ryke i hop, brukte vertsfolket han Lars Peter til å halde dei på avstand. Han greidde det. Det gjekk gjetord om styrken hans.

På Riksheim hadde ein stor stein ramla ned frå ein steingard. Ingen der ute greidde å lyfte denne steinen. Så kom han Gamle-Lars Peter og sa: "Bi no kara". Så tok han under steinen og lyfte han opp att på steingarden. Det var ikkje nokon som torde

å leggje seg ut med han, trass i at han var svært godmodig.

Gamle Lars Peter var frisk bestandig. Mn ein gong vart han plaga av tannverk. Han var i byen, gjekk inn på ei skomakarforretning og spurde om han kunne få låne ei tong. Jau, det var greitt, men kva vil du med tonga, spurde skomakaren. Eg har ei låk tann, svarte han goffar. Så tok han tonga, sette ho på plass og reiv ut tanna medan han stod der. I årevis hadde han trekt tenner som plaga folk.

Loftslemmen

Etter at han goffar var blitt så gammal at han ikkje var go' te å arbeide slik han ynskte og ikkje greidde å gå i utmarka som før, heldt han seg stort sett heime i huset. Når det var styggever, visste han ikkje kva han skulle finne på.

Ute i gangen vår var ein loftslem som ikkje dekte heile rommet. Nokre av borda gjekk ikkje bort på bjelken slik som dei skulle. Der opp vart det kasta ymse ting som ikkje vart brukte, og som gammal gjekk han goffar og leita etter slikt, Kanskje kunne han bruke eit kvart til noko?

Kvinnfolka nekta han å gå opp der, for dei var redde for at han fór utføre. Han var lydig med det same, men seinare hadde han lurt seg opp på denne lemmen. Best det var, hørde dei eit fole rabalder uti gangen. Gamle-Lars Peter hadde lurt seg opp på lemmen og ramla mellom l ausfjølene og ned på ganggolvet. Kvinnfolka skjøna kva som hadde hendt, men dei lest ikkje sjå han. Og gamlegubben på si side lest som ikkje noko hadde hendt og ville aldri snakke om det.

Gynekolog

Edvard Drabløs (1883-1976) fortalde ein gong om han Gamle-Lars Peter då han ein kveld uventa dukka opp i Barbrostova.

Året var 1896. Far (Jens H. Drabløs, (1856 -1925) og eg sat og prata. Det banka på døra. Kom inn, sa han far og inn steig Gamle-Lars Peter.

"Du må ver' så god å site", sa far, "Nei eg vil ikkje site, var svaret. Han vart ståande attmed døra.

Så kom det:" Ho vart no go'att dinnja konå hass Sæss-Johan me".



Brudesyning. Fotografi teke av fotograf Selmer i 1860-åra. Selmer var frå Bergen. Biletet er teke i Straumgjerde. Gamle-Lars Peter står som nummer to frå venstre.

"Ha ho vore sjuke", då, spurde far.

"Ja. ho ha' fått ein stugge svollj ti røyr'ne". Lars Peter brukte ordet røyr for vagina eller skjede.

"Det var no ein lei plass det, sa far".

"Ja, doktoren ha' prøvd å drive svollen inn, sa Lars Peter. Det gjeng aldri. Slike svolla må drivast ut! E' ba dei koke ein kraftig rjømegrout. Då han hadde kolna passeleg, blanda eg medisin i og la dette draget på svollen. (ordboka: ei droge.) No fer eg heim att, sa eg. So kjem eg att om eit par dagar.

Jau, eg ut til Sætre to dagar seinare. Då såg røyra så fin ut at eg måtte le. Lege du, Lars Peter, sa han Sess-Johan. Ja farr, jadden leg'e', for no e konå di go'att, sa e'. Då sa han far. Du greidde det dinnja gongen me, Lars Peter. Ja, og godt va' det. Men no må eg skunde me' fram på Rasmusbøen med medisin. Konå der he' låkt i eit lår. E må dit fram med ein gong og gnike låret grundig inn med medisin, Farvel". Dermed fauk han Gamle-Lars Peter ut døra som ein vind.

Skriving og lesing

Han Gamle-Lars Peter var flink å skrive og han

hadde ei vakker handskrift. Dessverre har vi ikkje eit einaste papir etter han. Og Lars Peter las mykje. Han hadde eit uvanleg godt minne.

Fyrst las han avisa som kom til Nilsgarden. Etterpå gjekk han bort i Jørngarden, der dei heldt ei anna avis. Då sa han: Få sjå avisa døkka. Det sto'kje nøke ti våra i dag."

I 1905- 1906 hadde han Barbro-Edvard gått på folkehøgskulen i Ørsta. Der fekk han teaterbasillen i seg for fullt. Tidlegare hadde Edvard og andre ungdommar drive med spelstykke no og då i ungdomslaget her. Gamle-Lars Peter hadde høyrte at Edvard åtte nokre bøker etter at han kom heim frå folkehøgskulen om våren 1906. Lars Peter var då 80 år. Dermed reiste han bort i Barbrogarden og spurde Edvard om han hadde ei bok å låne han. Jau, det kunne no hende. Hadde han tenkt på ei spesiell bok? Ja, meinte han Lars Peter. Det kunne godt vere ei med (h)uldreeventyr.

Glyfsene, gildrene og eit etterspel

Etter at Gamle-Lars Peter hadde slutta med gilder og glyfse, låg alt dette under stabburet på garden, fortel Peter P. Fet. Vi gutungane leika oss med

desse to gildrepipene, som var avsaga børseløp, og vi sette dei på enden og kakka ut blykuler. Desse brukte vi å slå flate og skjere til for å ha dei på fiske-taumane våre til sekkje (ordlista: søkke.) Børseløpa hadde altså gamle blykuler på plass. Desse gildrene var so at dei lødde knallperler ned på ein pik. Så gildrene kunne ikkje gå av utan knallperler. Det var store hanar på dei som slo att.

Etter at eg vart vorten litt eldre, heldt eg på med å lage meg til ein slags trehjuls sykkel. Så fann eg ut at eg ville ha ei av desse gilderpipene til styre på sykkel. Men eg greidde ikkje å bøye børsepipa slik eg ville.

Kvinnfolka heldt på å bake i kjellaren. Det kom føre meg at eg skulle leggje gilderpipa inn under bakstehella og glø henne. Gilderpipa hadde ikkje lege der meir enn eit par minutt før ho eksploderte. Pipa var full med krut.

Bakstehella fauk høgt opp i lykta og datt ned att. Ho Åragjerd-Johanne og ho gommer sat og baka attmed eit langbord. Dei vart vitskremde, kan du skjønne. Åragjerd-Johanne ropte og skreik og for ut gjennom nedstedøra, og ho gommer rende ut gjennom øvstedøra. Det vart eit fole vindtrykk rett mot mjøldungane deira på bakstebordet. Mjølgevøvet fylte kjellarromet så vi såg mest ikkje det slag med det same. Åragjerd-Johanne ropte og ropte: "Jesus, kva i all verda!" Etter ei lita ri hadde alt roa seg. Dei kom inn att og tok tillatt med bakinga.

Ho Inger, (fødd 1889) som seinare vart gift med Ole Brunstad frå Nakkeberg, og ho Kalla i Hansgarden, dei sat oppe ihljestova. Ho Inger sydde åt'ne Kalla. Brått small det under føtene deira. Eit lok ramla med frå stoveomnen. Dei kom setjande for å høyre kva som gjekk føre seg. Dette vart endelykta på den gildra. No er alt longe sia kome vekk, og ikkje veit eg kvar det har vorte av.



Foto Eldar Tandstad

Årbok for Sykkylven 1992 – 2006

Av Thor Willy Strømme

15 år har gått sidan den første Årbok for Sykkylven kom ut. Det markerer redaksjonen med å gi att innhaldslista av alle årbøkene fram til årets hefte.

Bortsett frå Årboka for 1992 kan alle årbøkene framleis tingast frå Sykkylven sogenemnd. Den utselde 1992-årboka er lagt ut i sin heilskap på heimesida til Per Arne Aursnes (www.per.aursnes.net). På denne nettstaden finst også ei rekkje andre godbitar, eldre bilete, blant anna ein serie eldre flyfoto, bøker, artiklar, lydfiler og lenker vidare til andre nettstader.

1992:

Petter Kursetgjerde: Det renn fort i trådane.
Svein Tafjord: Ikornnes treindustriarbeiderforening 40 år.

Kjetil Tandstad: Utvandrar med klåe for dikt.
Borghild Nasset: Sykkylvsklede frå eldre tid.
Bjørge Sørensen: Sætreferd og sætrelev.
Bergljot Tandstad: Sykkylven helselag gjennom 80 år.
Peter P. Fet: Bestefarsoger frå Fet.
Eldar Høidal: I oppbrot. Ein analyse av sosiale karakteristika hos næringslivpionerar i Sykkylven frå 1880-1900.

1993:

Ole Elias Emdal: Nyttårsbøn.
Hans Hovden: Minne frå krigsåra.
Geir Brungot: Fotografi.
Sverre Brunstad: Bjørnejakt i Brunstaddalen.
Bergljot Tandstad: Tankar etter kyrkjebrannen.
J.I. Brunstad, J. Hjorthol og
A. Weiberg-Aurdal: Velledalen skule.
Eldar Høidal: 1993 – Ungdomslagsåret.
Ole André Velle: Dikt.
Roald Solheim: Jensine Bastianne og Jens Bastian er sant.
Kjetil Tandstad: Herlige hundeliv.
Halstein Kurseth: Kalkomnen på Blindheim.
Signe Villa: Sola mi søte.
Petter Kursetgjerde: Julefering i eldre tid.
Per Blakstad: Smørjing av trebåtar.
Anny Strand: Megardsdalen.
Anny Strand: Hovdeåsen.

Oddbjørn Myklebust: Synske Karl på Tandstad.
Bjørge Sørensen: Minne frå Brunstad gamle skule.
Bjørge Sørensen: Minne om gamleskulen.
Peter Fet: Om Fetgarden.
Ole Bjørkavåg: Sommarhelsing.

1994:

Hermann Starheimsæter: Vatn.
Astor Furseth: Med Aure som leikeplass.
Oddveig Stave Moe: Arbeidskyrkja på Ikornnes.
Roald Solheim: Doktor Bendixen.
Signe Villa: Sengahalten.
Signe Villa: Sulkommen.
Liv Aksnes og Karen Elise Matheson: Kvinnesamarbeid – på tvers.
Henrik Straumsheim: Pilegrim.
Olav O. Løseth: Ramstaddal – Grenda vår.
Barbro Myrseth Gjerde: Knut Myrseth – Kunstmaleren, min far.
Varg: Sykkylvsbygda.
Anonym: Flyttardagen
Øystein Eliassen: Naturlegen Inga Grebstad.
Leonhard Hole: Heimestyrkane i Sykkylven under 2. verdskrigen.
Martin Furseth: Hotell Søndmør – eit 125-årsjubileum.
Ingjerd Asbjørnsen: Huset på Klokkehaugen.
Roald Solheim: Lars L. Utgård 90 år.
Per Eldar Linge: Sykkylven så det susar i historia.
Nils Einar Rye. Dikt.
Corrado Genta/ Per Robert Tafjord: Sommardag.
Petter Kursetgjerde: Å vere rik.

1995:

Astrid Falkum: Fjell.
Jostein Drabløs: Myre-stova.
Biletkaulkade
Kjetil Tandstad: Petrine på Ikornnes.
Astrid Straumsheim: Ei lypære av gamleslaget fortel.
Helge Breivik: Den nye sykkylvskyrkja.
Eldar Høidal: B.S. Aure A/S 125 år. Frå krambu til faghandel.

Paul Davik: Husmenn og gardbrukarar.
 Hermann Starheimsæter: Språk.
 Åse I. Vestre: Til topps.
 Kjetil Tandstad: Sykkylvskunstnaren Jens Vik. Fann det store i det små.
 Manuell Navarro: Chilensk jul.
 Liv Randi Bjørlykke: Barndom på Ikornnes.
 Nils Einar Rye: Eit halvt hundreår med lokalforsvar.
 Astrid Falkum: Kort opphald.
 Amalie Utgård Dahl: Sleksthemne i Hundeidvik.
 Petter Kursetgjerd: Fisketørking i Sykkylven.
 Kjetil Tandstad: Ein stad å vere – ein stad å lære: UL Samhald 100 år.
 Olav Pileberg: To utrlege korjubileum, men 25+20 = sant.
 Bjørn Ringstad: Dei arkeologiske utgravingane på Aure.
 Ole Bjørkavåg: Du og eg.

1996:

Nils Einar Rye: Messe i kjøpesenteret.
 Anne Vikebakk: Den gode samaritt.
 Biletkaualkade.
 Lelis Bagol Kurseth: Om filippinsk hagebruk i skulen.
 Oddvar Haugen: Straumgjerde anno 1963.
 Hilde Helena Hatlemark: Dikt.
 Nils Einar Rye: Stjerneliv på Nillemarka.
 Arvid Blindheim: Ei næring i utvikling – og Norsk Møbelfagleg Senter.
 Oddvar Haugen: Møbeltransport anno 1958.
 Gyri Aure: Sykkylvsband med ambisjonar og særpreg.
 Ole Jostein Fet: Skiftande storfeavl i Velledalen.
 Roald Solheim: Hundeidvik blandakor 125 år.
 Ottar S. Myrseth: Budeie i Megardsdalen.
 Astrid Falkum: To.
 Kjetil Tandstad: Møbeldekor og kyrkjekunst.
 Odd Brunstad: Velledalen bedehus.
 Jostein Kursetgjerd: Sørestrandsvegen frå gardsveg til bilveg.
 Øystein Eliassen: Bompengervegen Aursnes -Tynes og A/S Aursnes ferjekai.
 Stemne for Buvik, Tomren og Rønes.
 Eldar Høidal: Sykkylvsbladet gjennom 50 år.
 Oddvar Haugen: Sykkylven anno 1963.
 Hans Hovden: Ei underleg soge frå krigsåra.
 Astrid Falkum: Jeg roper navnet ditt.
 Petter Kursetgjerd: Eit hus på flyttefot
 Gyri Aure: Møte mellom to generasjonar kunstnarar.

Per Svein Tandstad: Eit lensmannsliv.
 Torbjørg og Svein Midtgård: Laftekunst i Sykkylven.

1997:

Per Robert Tafjord: Du er i tankane mine.
 Roald Solheim: Lat oss lage eit langhus.
 Øystein Eliassen: Nils C. P. Aure.
 Jostein Drabløs: Villmannsferd over fjellet.
 Biletkaualkade
 Kjetil Tandstad: Sykkylvsk nettopp no.
 Lindis Tynes: Arr.
 Petter Kursetgjerd: Prost Torleiv Rude – Eit personleg minne.
 Jon Hole: Der gullet ligg i klompar.
 Eldar Høidal: Svanesong for Vestlandske.
 Nils Einar Rye: Pianoelev hos fru Tynes.
 Kjetil Tandstad: Leon Aurdal – Ein finstemt kolorist.
 Sverre Andestad: Aurdal skule.
 Jenny Aurdal: Prolog til 100-års festen på Aurdal skule.
 Hawo Isse Jama: Møte med Noreg.
 Sylvi Tunheim: Stort slektsstemne i Grønhaugslekta.
 Bente K. Tynes: Håpet.
 Bente K. Tynes: Forelsket.
 Odd Holen: Næringsbygg i Sykkylven 1930-1990.
 Atle Hole: Bokskatt i Olagarden på Hole.
 Ole Jostein Fet: Bondevinner bak praktfull Lånastove.
 Bastian Sætre: Slektsstemne for Sæss-slekta.
 Roald Solheim: 17. mai på Sørestranda.
 Nils Einar Rye: Far.
 Nils Einar Rye: Dit eg er.

1998:

Nils Einar Rye: Barndom.
 Roald Solheim: Spelet om Sykkylven.
 Edel Pernille Ystenes: Inst inne vil eg alltid vere jord-mor.
 Per Robert Tafjord: Seksti eller berre sju.
 Jostein Drabløs: Durant 1924-modell og tannlege Johan Drabløs.
 Lindis Tynes: Siste brikke.
 Bjørn Jonson Dale: Den skriveglade dansken i Sykkylven.
 Bjørn Jonson Dale: Fauskejyden si skrivebok 1690-91.
 Biletkaualkade.
 Bjørn Inge Aurdal: Slektsstemne i Kjempholslekta..
 Eldar Høidal: Sigurd Ekornes om forfedre og oppvekst..
 Nils Einar Rye: Utdrag frå boka "Uendelige øyeblikk".

Jostein Drabløs: Landskapsmålaren Johan Fredrik Berg.

Per Robert Tafjord: No voggar lauvet.

Petter Kursetgjerde: Aurebrannen 19. august 1939.

Kjetil Tandstad: Sandslottet på Erstad.

Olav O. Løseth: Einebusk.

Eldar Høidal: Sykkylven Industrilag gjennom 50 år.

Gyri Aure: Belg og Bøgje – gamaldansen sine vener.

Lindis Tynes: En tanke 1 - En tanke 2.

Arnold Weiberg-Aurdal: Om slektsgransking og slektsstemne.

Steinar Myklebust: Etiopia.

Nils Einar Rye: Måne rundt Saturn.

Lars Longva: Det grindbygde naustet – ein viktig tradisjonsberar.

1999:

Eldrid Suorza: Aure sanitets gjentelag.

Hermann Starheimsæter: Jord, grip fat i meg. Far er død.

Silje Pileberg: Heller om kvinnfolk enn bilar... Pilot Seed.

Odd Jan Eidem: Tomme hender..

Øygunn Tandstad: Stygg drukningsulykke i Storfjorden.

Karen Elise Matheson: Kjære Årbok.

Ole Jostein Fet: Biletkavalkade.

Eldar Høidal: Sykkylven vidaregåande skule 25 år.

Jostein Drabløs: Den Gamle Fitjabrua.

Hermann Starheimsæter: Vinter blues.

Anne Gunn Ødegård: Urmoderens hjerte.

Leonhard Vårdal: Kommuneval i Sykkylven gjennom hundre år.

Odd Jan Eidem: Masker.

Stein Arne Fauske: Brot av ei svartebok.

Nils Einar Rye: Verkeleg uekte.

Leonhard Vårdal: Slektstreff.

Per Krokå: På oppdrag i Finnmark sommaren og hausten 1945.

Petter Kursetgjerde: Industri og organisasjon.

Jon Hole: Turistinformasjon for hundre år sidan.

Hermann Starheimsæter: Revir.

Endré Brunstad: Namnet "Stressless".

Per Robert Tafjord: Skapande Nettverk Sykkylven.

Jon Ivar Myrstad: Vinterfestivalen.

Nils Einar Rye: Framsteg.

Eldar Høidal: Møbelproduksjon i annankvar kjellar.

2000:

Arnold Weiberg-Aurdal: Nicolai Grevstad – Eit barn-
domsminne.

Liv Randi Bjørlykke: Luftige tankar om Sykkylvsbrua.

Harald Akselvoll: Tanke.

Ole Jostein Fet: Årskavalkade.

Jon Hole: Slektsforum.

Jens Petter Fylling: Riksheim skule.

Ragnhild Hausvik Fet: Slektstreff.

Jon Hole: Annal for skolelærere. Første årgang 1807.

Harald Akselvoll: Dei hadde ikkje skrive namnet riktig.

Jostein Drabløs: Kasteball under krigen.

Astrid Falkum: En sterk følelse av virkelighet 1

Oddbjørn Myklebust: Til Hovudstaden. Frå boka "Synske
hjelparar i hundre år".

Ole Jostein Fet: Klondykestemning i Aureelva.

Jostein Drabløs: "Jeg trenger en revolver".

Olav Løkke: Fotokunstnaren Geir Morten Brungot.

Elin Riksheim: Pengane får vengjer å flyge på.

Petter Kursetgjerde: Istida.

Ole Bjørn Hjellegjerde: Familiekrønike.

Ivar Johansen: Min første reise til sjøs.

Astrid Falkum: En sterk følelse av virkelighet 2.

Leiv Drotninghaug: Amerikabrev frå 1910.

Jostein Kursetgjerde: Sykkjølvsbrua, lita bru med lang
historie.

Roald Solheim: Fornfunna i Sykkylven og arkeologiske
omgrep.

Petter Kursetgjerde: Bestemors kveldsbøn.

Eldar Høidal: PC Support i 12år.

2001:

Gudrun Roald: Stortur til Amerika..

Rolf Sagen: Dikt: I slekta mi er der ingen lange rette
liner.

Marianne Valbø: Hundeidvik bedehus.

Ole Jostein Fet: Årskavalkade.

Jostein Drabløs: Framhaldskule i Velledalen.

Hanne Suorza: Livet kan vere som ein dans.

Thor Willy Strømme: Klokkarar i Ørskog sokn.

Petter Kursetgjerde: Seifiske på Kursetfluda.

Kjetil Tandstad: Lukt av land.

Eldar Høidal: Back to Madonna – dikt.

Eldrid Suorza: Fjellsæter turisthytte.

Sverre Tusvik: Birger Tusvik – ein realistisk tusen-
kunstnar.

Gard-Ola: Då skulen hadde fire lærarar.

John Mothes: I strid for frihet og fedreland.

Stig Midtgård: Ny dykkarklubb på Ikornnes.

Nils Einar Rye: Kveld ved ei ny grav – dikt.
 Eldar Høidal: Om stolen Ekstrem.
 Arnold Weiberg-Aurdal: Ivar Aasen – målgranskar og folkeven.
 Rolf Sagen: Om natta fiktur skutene – dikt.
 Grethe Bugge Østvik: Rolf Sagen – ein forfattar med mange talent.
 Per Krokå: Ein annleis barndom.
 Per Arne Aursnes: Storkveita.
 Per Flaaen: Song til Sykkylven.

2002:

Jacob Rochmann Eliassen: På kokelag på Ikornnes.
 Jostein Drabløs: Carl Eliassen Tandstad 1875 – 1938.
 Petter Kursetgjerde: Kornet.
 Ole Jostein Fet: Årskavalkade.
 Roald Solheim: Skapande vandring i Hundeidvik.
 Eldrid Suorza: Skreddaren og sportsmannen Kjell Slinning.
 Mindor Hjellegjerde: Søndagsskulearbeidet i Sykkylven.
 Roald Solheim: Sykkylven linedelte ungdomskule.
 Atle Hole: Tankar kring eit bilete – VRF sitt 1971 – lag.
 Kjetil Tandstad: Lille Dannemark.
 Odd Fløtre: Ein musikalsk robot.
 Kjetil Tandstad: Overraskinga er teknikken – bildekunstnaren Anita Vik Wætthen.
 Rolf Haxthow: Platanløn. Framandts treslag i sterk spreiding.
 Anna Eline Haugen: Ættegarden.
 Erling Lillevik: Fauskebygda i gamle dagar.
 Gudrun Roald: Skulen i gamle dagar.
 Per Wigstad: Steinslåing i Toregarden.
 Arnold Weiberg-Aurdal: Frå mi tid som ordførar – utviklingstrendar.
 Atle Hole: Velledalen IL sitt stafettlag.
 Jakob Norvald Grytten: Sykkylven linedelte ungdomskule 1955 -1960.
 Per Flaaen: Det går ein veg.
 Erling Lillevik/Leonhard Hole: Opptaket til Sykkylven samfunnshus.
 Svein A. Alfarnes: Sommarleg fargeklatt.
 Eldrid Suorza: Vevkurs på Vallhall ca 1937-38.
 Eldar Høidal: Dei forma det moderne Sykkylven.
 Bjørn Eidem: Skatten.

2003:

Jarle Eidem: Bernt Fauske og Brandbåtane.
 Siv Bente Ringseth: Folk flest bur i Kina.
 Ragna Rønnes: Ein merkedag.
 Roald Solheim: Vetestova på Hovdeåsen.
 Per Flaaen: Det går ein veg – dikt.
 Ole Jostein Fet: Årskavalkade.
 Eldar Høidal: Ein ganske vanleg dag. Ekornes avd. Vestlandske.
 Eldrid Suorza: Fønix Konfeksjonsfabrikk 1911-1960.
 Siv Bente Ringseth: Ein stilig stylist.
 Velledalen sogelag: Setrebok frå Velledalen.
 Mindor Hjellegjerde: Hagelaget – matauk og hygge.
 Arnfinn Jørgen Fløte: Gartnar for Sykkylven.
 Eldar Høidal: To kvinnelagnadar i Sykkylven.
 Per Krokå: Ikornnes Klondyke.
 Dagny Rønnes: Dagny Rønnes moteforetning.
 Petter Kursetgjerde: Frå plassemannsstova til velstandsliv.
 Arnold Weiberg-Aurdal: Sosialminister frå Straumgjerde.
 Gudrun Roald: Gjentemoro og konestrev.
 Jostein Drabløs: Lars J. Drabløs – ein profil i bygda.
 Per Flaaen: Til ein innflyttar – dikt.

2004:

Malvin Misje: Vikingtokt i 1957.
 Arnold Weiberg-Aurdal: Arbeid og levemåte på Heggebakken.
 Johan Hjorthol: Dalen vår.
 Hanne Suorza: Eit multitalent i teten.
 Olav Pileberg: Blue Horn på Nilen.
 Thor Willy Strømme: Eit arabisk møbeleventyr.
 Eldrid Suorza: Jentespeidarane i Sykkylven 1939-1966 – Eit historisk tilbakeblikk.
 Dagny Rønnes: To dramatiske døgn.
 Jostein Drabløs: Den flyvende hjort.
 Siv Bente Ringseth: Då Blåklukka klang.
 Eldar Høidal: Kreativ, tolmodig, allsidig. SAP-Design.
 Petter Kursetgjerde: Då den store verda grunnstøytte.
 Ole Jostein Fet: Biletkaualkade 2004.
 Kjetil Tandstad: Betongpionér med sans for det vakre.
 Atle Hole: Brunstadbakken: Frå kulturgigant til øyde-mark.
 Nils Einar Rye: Mannen og havet.
 Eldar Høidal: Eit liv for fellesskapen. Vebjørn Århus.

Leonard Vårdal: Frå storgard til kommunesenter og industristad.

Roald Solheim: Petter Myrseth

- felemakar, fotograf og fridomsven.

Liv Randi Bjørlykke: Slik enda 2004.

Per Flaaen: Den gamle trufaste og fabrikk.

2005:

Stein Arne Fauske: Sykkylven 1905.

Odd Jan Eidem: Gnist – dikt.

Monica S. Hjelmevoll: Teater på fjellgard og oljeplatt-form.

Odd Jan Eidem: Dikt.

Björg Sørensen: Brubbyggjaren Brunstad-Magnus.

Jostein Drabløs: Dei fri-frie.

Bergljot Tandstad: Hotell Søkkelven.

Arnold Weiberg-Aurdal: Familietur til Roma 1938.

Dagny Rønnes: Over Atlanteren.

Malvin Misje: Jarnesbåtane – møbelfrakt på kjø.

Siv Bente Ringseth: Frå jord til jarn – eit portrett av Kjell Gunnar Overøye.

Thor Willy Strømme: Barndom i 1920-åra – Margrethe Haugseth Aure fortel.

Odd Jan Eidem: Valens/Ekivalens – Dikt.

Anne Lene F. Sandvik: Reservetrønder og pensum-slave.

Gunvor R. Roald: Andestad-Johan.

Ole Jostein Fet: Biletkavalkade 2005.

Kjetil Tandstad: Krutrøyk frå Aursneset.

Per Arne Aursnes: Petter Andreas frå Aursneset.

Eldar Høidal: Sandkongen på Erstad.

Kåre Sørthe: Erindringar – Da jeg begynte i lensmanns-etaten.

2006:

Eldar Høidal: Om eg fekk drikke kaffi med Bush.

Maren Bonesmo: Følg mine drømmer – dikt.

Frode Frisvold: Julehelsinga frå Drammensveien 1.

Thor Willy Strømme: Den første Amerika-bilen.

Eldar Høidal: Korpsturen til Sykkylven i 1972.

Per Flaaen: På Storevarden – dikt.

Kjetil Tandstad: Ølbollerim frå Sykkylven.

Jostein Drabløs: Mur enj steingarbølk me dække kvile.

Siv Bente Ringseth: Mørke og melankoli.

Halstein Kurseth: Kunstnaren Stein Kåre Nygård.

Ole Jostein Fet: Biletkavalkade 2006.

Jostein Drabløs: Garden Straumsheim kring 1900-talet.

Per Arne Grebstad: Fem bilde og fire tekstar.

Sigbjørn Lyngstad: Sykkylven småbåthamn 30 år.


Kjetil Tandstad: Eit glas vin på Brand VI.

Arnold Weiberg-Aurdal: Sølvreveventyret.

Kjetil Tandstad: Årginala fram i Dala.

Antikke annonsar.

Roald Solheim: Melismannen.



Her ser du den fyrste årboka frå 1992 og årbøkene frå 2005 og 2006!



Eit fotografiapparat si historie

Av Thor Willy Strømme

Eit fotografiapparat

Her skal eg skrive om eit fotoapparat som oldemor mi Petra fekk av faren sin Lars Petter då han kom heim frå Amerika i 1929. Lars Petter var i to periodar i Amerika frå 1910-1915 og frå 1923-1929.

Det var storhending å ha eit fotografiapparat på den tida. Oldemor brukte det mykje på 1930-talet og framover. Ho hadde det då ho tente med doktor Aurdal i Ålesund i 1932 og tok ein god del bilete frå den tida. Det var dette fotografiapparatet som bestefaren min også brukte i den første tida han byrja med å ta bilde.

I 2006 fekk eg kameraet av bestefaren min og tenkte det hadde vore artig å prøve det. Eg gjekk til fotograf P. P Lyshol og fekk tak i film nr 120. I starten av februar vart det teke åtte overraskande gode bilde av eit fotoapparat som er mellom 75 og 80 år. Det er nokre av dei bilda som er brukt i denne artikkelen. Eg har også brukt eitt av dei gamle bilda frå 1930-talet som viser to eksponeringar på same bilde.

Det du måtte huske på med dette fotoapparatet var å ikkje trykkje av to gongar. Då vart det to bilde på eitt. Du måtte også passe på og skrue filmen langt nok fram, elles vart det to "halve" bilde. Det er enklare i dag med digitale fotoapparat med enorme muligheiter.

Dette er eit kasseapparat som er "Patented in USA feb 1. 1916" Fotoapparatet er no 2 Cartridge Hawk-Eye modell B. made in USA Rochester N.Y. by Eastman Kodak Co og bruker film nr 120.



Kasseapparatet Hawk-eye, Eastman Kodak frå 1920-åra.



Frå Pålsgarden på Haugset 1944. Bak frå venstre Margrethe Aure med sonen Jan, Astrid og Anders Korsbrekke som held Inger Strømme. Framme frå venstre: Petter Strømme, Lina Eidem og Ellinor Aurdal (Bjørkavåg). Nedst: Ingrid Haugset (Melseth) og Inger Strømme (Yksnøy). Dette er eit eksempel på at ein ikkje har skrudd filmen langt nok fram.



Gløynde ein å skru filmen fram, vart det dobbeteksponering som her.



Sykkylvsbrua fotografert i 2006 med fotoapparatet frå tjeueåra.



Berlihuset tatt i 2006 med eit nesten 80 år gammalt fotoapparat.



Jonas Peson

Desse har vore med å støtta utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2007

Sparebanken Møre (1000)

B.S Aure

Elias Vinje AS

Fotograf P.P Lyshol

Kiwi Sykkylven

Formfin Møbler AS

Hj. Brunstad Fabrikker AS

Hjellegjerde Møbler AS

Advokat Kjetil Kvammen

Maxbo Idebygg

PC Support AS

Sandella

SAP Design

EldArt

Sykkylven Gjensidige

YIT

Coop Mega Sykkylven

Ekornes ASA

Amatec AS

Møre Trafo AS

Nordea

Ø. Uri & Sønn AS

Nyborg AS

Sykkylven Bok & Papir AS

Alf Aures Eftf.